



Kviteseid kommune

www.kviteseid.kommune.no



ÅRSMELDING

KVITSEID KOMMUNE

2017

Innhald

| | | |
|------------|--|-----------|
| 1 | Innleiing..... | 3 |
| 1.1. | Rådmannen si innleiing..... | 3 |
| 2 | Samfunnsutvikling..... | 4 |
| 2.1 | Rapport handlingsprogram..... | 4 |
| 2.2 | Utviklingstrekk..... | 4 |
| 2.3 | Samfunnstryggleik og beredskap..... | 5 |
| 3 | Økonomi..... | 6 |
| 3.1 | Det økonomiske resultatet..... | 6 |
| 3.2 | Driftsresultat..... | 6 |
| 3.2 | Inntektsutvikling – overordna..... | 7 |
| 3.3 | Kraftinntekter..... | 7 |
| 3.4 | Utgifter – overordna..... | 8 |
| 3.5 | Likviditet..... | 9 |
| 3.6 | Verksemda..... | 11 |
| 3.7 | Investeringar..... | 13 |
| 3.8 | Kviteseid samanlikna med resten av landet..... | 14 |
| 4 | Organisasjon - medarbeidarar..... | 15 |
| 4.1 | Rapport handlingsplan 2016..... | 15 |
| 4.2 | Tilsette..... | 16 |
| 4.3 | Personalpolitikk..... | 16 |
| 4.4 | HMS..... | 17 |
| 4.5 | Likestilling..... | 18 |
| 4.6 | Intern kontroll og etikk..... | 18 |
| 5 | Sektorovergripande tenester..... | 19 |
| 5.1 | Rapport handlingsplan..... | 19 |
| 5.2 | Rådmann og Fellestenester..... | 19 |
| 6 | Helse og omsorg..... | 20 |
| 6.1 | Sektorleiing:..... | 20 |
| 6.2 | Kviteseid omsorgssenter(KOS)..... | 22 |
| 6.3 | Heimetenestene..... | 23 |
| 6.4 | Kjøken..... | 25 |
| 6.5 | Eining for funksjonshemma..... | 26 |
| 6.6 | Eining for helse..... | 27 |
| 7 | Skule og barnehage..... | 31 |
| 7.1 | Status og utfordringar i skule og barnehage..... | 31 |
| 7.2 | Kvalitetsarbeid i barnehage..... | 32 |
| 7.3 | Overgang barnehage – skule..... | 33 |
| 7.4 | Profesjonsfagleg utvikling i skule og barnehage..... | 34 |
| 7.5 | Læringsresultat..... | 34 |
| 7.6 | Læringsresultat..... | 36 |
| 7.7 | Kulturskulen..... | 36 |
| 7.8 | Vaksenopplæring..... | 37 |
| 7.9 | Felles handlingsplan:..... | 37 |
| 8 | Samfunnsutvikling og teknisk drift..... | 39 |
| 8.1 | Nærings- og lokalsamfunnsutvikling..... | 39 |
| 8.2 | Landbrukskontoret..... | 40 |
| 8.3 | Teknisk drift og VAR..... | 42 |
| 8.4 | Nøkkeltal for teknisk drift..... | 44 |
| 9. | NAV..... | 45 |
| 10. | Interkommunalt samarbeid..... | 46 |
| 10.1 | Barnevernstenesta..... | 46 |
| 10.2 | Samhandlingskoordinatoren i Vest-Telemark..... | 48 |
| 10.3 | Plankontoret..... | 49 |

1 Innleiing

1.1. Rådmannen si innleiing

Årsmeldinga er ein del av årsrekneskapen, og ho er skriva til kommunestyret for å gjeva eit samla oversyn over det kommunale tenestetilbodet i året som har gått. Dokumentet er omfattande, men det same kan ein seie om dei kommunale tenestene. Årsmeldinga er derfor laga ikkje bare som ei melding om året som har gått, men som ei oversikt over utviklinga og som ei rettesnor i høve til prioriteringar som skal gjerast i åra som kjem.

Rekneskapen for 2017 er avslutta med eit lite, men positivt resultat. Rekneskapen viser eit mindreforbruk (overskot) på 0,3 mill.

Målet om 2,4 % netto driftsresultat er ikkje nådd. Netto driftsresultat er positivt med 3.879.114,-.

Dette utgjør 1,52%. Dette er ein reduksjon med 1% frå 2016, og om lag 3,0 mill.

Sjølv om det er nære KS si tilråding om å ha eit netto driftsresultat på 1,75%, bekymrar det at reduksjonen er så stor.

Dei frie fondsmidlane våre er no på eit nivå som gjer oss mindre sårbare for uventa kostnadsauke.

Budsjettarbeidet har vore krevjande. I samband med gjennomgang av budsjettet vart det spart inn fleir stillingar. Det har vore gjennomført stillingsstopp for administrative stillingar. I tillegg har det vore stort fokus på innsparing i budsjettet for 2017.

Situasjonen innanfor pleie og omsorg har vore spesiell. Omsorgssenteret har hatt mykje ledig kapasitet over relativ lang tid. Dette betyr også at heimetenesta har hatt mindre utfordrande oppgåver. Utleige av plassar på omsorgssenteret fører likevel til at inntektene på opphaldsbetaling er betydeleg betre enn budsjett.

Kviteseid kommune har i løpet av 2017 tatt i mot 7 flyktningar. Det har vore vanskar med å finne eigna bustad til dei som har kome. Vi leiger vaksenopplæringsplassar i Seljord, og dette fungerer godt.

Infrastruktur og utstyr innanfor IKT er forbetra i løpet av året, men det står att mykje arbeid og store investeringar.

I November vart dei nye omsorgsbustadane i Midsundtunet ferdigstilt. Åtte nye og funksjonelle bustader som vil gi innbyggjarar, med eit hjelpebehov, eit godt alternativ til å bu heime.

Det har i 2017 vorte jobba med planar om samanslåing NAV kontora i Vest-Telemark. Så langt ser det ut som det er Kviteseid og Nissedal som klarar å få til eit samarbeid.

Årsmeldinga viser litt av breidda i det arbeidet som vert utført i løpet av eit år. Alle innbyggjarane i kommunen er påverka av det arbeidet som skjer i kommunen, og det er difor med glede eg legg fram årsmeldinga, og sei: God lesing.

Øystein Tveit
Rådmann

2 Samfunnsutvikling

2.1 Rapport handlingsprogram

Handlingsprogrammet er oppbygde av handlingsplanar for einingane og ein overordna handlingsplan som er felles for alle.

Det overordna målet for utviklinga av Kviteseid kommune går fram av samfunnsdelen til kommuneplanen frå 1995:

Mål: Kviteseid kommune skal ved målretta satsing vera eit livskraftig bygdesamfunn

Gode kommunale tenester blir frå mange hald teke fram som ein viktig attraksjonsfaktor. Resultat frå ulike analyser av vår tenesteproduksjon syner at me absolutt har eit omfang og ein kvalitet på dei kommunale tenestene som gjev grunnlag for at me skal vera eit livskraftig bygdesamfunn. Som tidlegare år er administrasjonen oppteken av å nytte objektive kriterium som utgangspunkt for dei prioriteringar og utviklingstiltak som vert sett i verk. Det gjev grunnlag for den målretta satsinga som vert dregen fram i dette målet.

| Tiltak i handlingsplanen | Resultat |
|--|---|
| <i>Utarbeidde planar i tråd med vedteken planstrategi.</i> | <i>Mange planar klar til slutthandsaming</i> |
| <i>Rullere arealdelen til kommuneplanen.</i> | <i>I gang med arbeidet. Klar haust 2018</i> |
| <i>Ferdigstille samfunnsdelen til kommuneplanen</i> | <i>Ute på høyring. Klar før sommaren 2018</i> |

2.2 Utviklingstrekk

Folketalsutvikling

I handlingsprogrammet for 2017 vart det fokusert på konsekvensane av den negative folketalutviklinga i Kviteseid. Resultatet for 2017 viser diverre også nedgang.

| Kommune | 01.jan 2017 | Fødde | Døydd e | Netto | Inn-flytting | Ut-flytting | Netto innflytt | Folkev ekst | 01.jan 2018 |
|------------|-------------|-------|---------|-------|--------------|-------------|----------------|-------------|-------------|
| Seljord | 2979 | 17 | 44 | -27 | 147 | 139 | 8 | -20 | 2 959 |
| Kviteseid | 2 442 | 17 | 40 | -23 | 103 | 123 | -20 | -45 | 2 397 |
| Nissedal | 1 476 | 10 | 9 | 1 | 82 | 71 | 11 | 13 | 1 489 |
| Fyresdal | 1 319 | 7 | 15 | -8 | 61 | 52 | 9 | 1 | 1 320 |
| Tokke | 2 228 | 11 | 24 | -13 | 98 | 76 | -22 | 8 | 2 236 |
| Vinje | 3 726 | 20 | 34 | -14 | 161 | 164 | -3 | -17 | 3709 |
| V-Telemark | 14 170 | 82 | 166 | -84 | 652 | 625 | 27 | -60 | 14 110 |

Tabell: Folketalsendring i kommunane i Vest-Telemark i 2017

Som det går fram av tabellen så har me hatt ein reduksjon i folketalet. Me har framleis ein skeiv alderssamansetnad med stor del av eldre som gjer det utfordrande å skape vekst. Skal me oppnå kommunestyret sitt mål om auka folketal i åra frametter, må dette koma gjennom tilflytting til kommunen.

2.3 Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunen har i 2017 delteke på 4 varslingsøvingar og øvingar i bruk av CIM (IKT-system for krisehandtering).

Det vart gjennomført ei stor brannøving på KOS. Her deltok alle naudetatane, saman med dei tilsette som var på jobb og kommunen si kriseleiing.

Alle tilsette i brannvernet har tatt eller tek grunnutdanning for brannmannskap. Vi ser på dette som ei stor styrking av beredskapen i kommunen.

Mål: *Utvikle ein robust kommuneorganisasjon som er godt i stand til å møte uføresette hendingar av ulike slag.*

| Tiltak | Resultatindikator |
|--|---|
| Opplæring i Cim - (CIM = kommunen sitt krisehandteringssystem) | Mange av dei tilsette på kommunehuset kjenner til bruken av CIM |
| Større beredskapsøving | Gjennomført |



Brannbilen i Kviteseid har mykje naudsynt redningsutstyr. (Foto: Braco)

3 Økonomi

3.1 Det økonomiske resultatet

Rekneskapen for 2017 viser eit lite mindreforbruk i driftsrekneskapet på kr 300.831, mens investeringsrekneskapen går i balanse.


| 1.000.000 KR | REKNEKAP 2017 | REVIDERT BUDSJETT 2017 | OPPHAVELEG BUDSJETT 2017 | AVVIK |
|--|------------------|------------------------------|--------------------------------|-------------|
| Generelle inntekter (1) | -163,8 | -162,1 | -162,6 | -1,7 |
| Netto finansinntekter/-utgifter (2) | 2,6 | 3,0 | 4,0 | -0,4 |
| Avsetningar + overført inv. rekn. (3) | 2,9 | 2,9 | 1,1 | 0,0 |
| Disponibelt for drift (1) + (2) + (3) | -158,3 | -156,2 | -157,5 | -2,1 |
| Driftsutgifter (netto) i einingane | 158,0 | 156,2 | 157,5 | 1,8 |
| Overskot (-) Underskot (+) | -0,3 | 0,0 | 0,0 | -0,3 |

Tabell 3: Økonomiske nøkkeltal

Eit overskot på kr 300.831 mot et budsjettert resultat på kr 0 er å rekne som et ubetydelig avvik. Også netto driftsresultat viser lite avvik i forhold til både revidert og opphavelg budsjett. Rammetilskotet er høgare enn budsjettert (særlig inntektsutjamning), men skatteinngangen er lågare enn vi budsjetterte. Sum skatt og rammetilskot utgjør ca. 1,6 mill. meir enn budsjettert. Mindreforbruket på kr 300.831,- er overført til «ikkje disponera del av driftsresultatet». Det vert føreslege å avsette kr 50 877 til det frie næringsfondet (dette er ikkje budsjetterte meirinntekter frå sal av konsesjonskraft), kr 142.247 til disposisjonsfond og kr 107 707 går til dekning av for mye inntektsført konsesjonskraftsal i 2017.

3.2 Driftsresultat

I ein berekraftig kommuneøkonomi bør ein over tid ta sikte mot eit netto driftsresultat på minst 1,7 %. Figuren nedanfor viser utviklinga frå 2006 til 2017. Som ein kan sjå har det vore ein nedgang frå 2016 til 2017 (frå 2,75% til 1,53%).



Netto driftsresultat i 2017 er på kr 3,879 mill. Dette utgjør 1,53 % av brutto driftsinntekter og ligger dermed under anbefalt måltall på 1,7%.

Den negative folketalsutviklinga i Kviteseid held fram også i 2017. Vi ser nå at frie inntekter stig mindre enn hjå dei fleste kommunane som vi kan samanlikna oss med. For 2018 vil veksten vera mindre enn berekna kostnadsvekst. Det er difor viktig å fokusere også framover på kostnadsreduksjon. I 2017 har vi lykkast med det på nokon område mens andre område har hatt større negativt avvik enn forventa. Dei siste åra med relativt gode resultat har ført til at vi har bygd opp eit disposisjonsfond som er større enn på lenge. Med tanke på kommande utfordringar er det ein god buffer. Vi veit at integreringstilskot utgjør en stor del av dei siste åra sine avsetningar til disposisjonsfond. Dette tilskotet vil etter kvart falle bort mens integreringsarbeid held fram med dei kostnader dette vil medføre.


3.2 Inntektsutvikling – overordna

Det overordna formålet med inntektssystemet er å gjere det mogleg for kommunane å gjeva eit likeverdig tenestetilbod til sine innbyggjarar. For å oppnå dette målet vert det ved fordelinga av rammetilskot teke omsyn til strukturelle ulikskapar mellom kommunane (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning). Rammetilskotet utgjør saman med skatteinntektene dei frie inntektene som kommunane kan disponere fritt innanfor gjeldande lover og forskrifter.

Sjølv om vi har sett ein nominell auke av kommunen sine frie inntekter dei siste åra, så tyder ikkje det at handlefridomen til kommunen har forbetra seg. Fleire øyremerkte tilskot er nå innlemma i dei frie inntektene. Pålagte oppgåver som var knytt til desse tilskota bind på denne måten delar av dei såkalla frie inntektene.


3.3 Kraftinntekter

Kviteseid kommune er ikkje ein kraftkommune i det omfanget som ein del av dei andre kommunane i regionen er. Men samstundes er det viktig å understreke at «kraftinntekter» er ein del av vårt inntektsgrunnlag. Ein vil også gjera merksam på at det i 2018 vil bli ein omtaksering av kraftlinjenettet til Statnett og Vest-Telemark kraftlag som følgje av ein høgsterettsdom i 2017. Dette vil mest sannsynleg føre til lågare takstar og dermed lågare inntekter for kommunen framover.



3.4 Utgifter – overordna

Figuren nedanfor syner inntekter og utgifter samanstillt dei siste 6 åra. Utgiftskurva byrjar igjen å stige kraftigare enn inntektskurva i 2017. Dette fører til dårligare resultat i 2017 enn 2016.




Figur 7: Samla inntekter og utgifter

3.5 Likviditet

Likviditeten fortel noko om kommunane sin evne til å svare for sine økonomiske plikter. Det er ikkje noko mål i seg sjølv å ha så god likviditet som mogleg, men å ha tilstrekkeleg likviditet til å fange opp løpande differanse mellom utbetalingar og innbetalingar.

Likviditetsgrad 1 er eit nøkkeltal som består av omløpsmidlar delt på kortsiktig gjeld. Talet bør vera større enn 2. Ser ein på utviklinga dei siste åra, så viser det seg at likviditeten har vore meir pressa men ligg omtrent på same nivå.



Figur: Likviditetsgrad 1 for åra 2010 til 2017

Kommunen har ved utgangen av 2017 ei langsiktig ordinær lånegjeld på kr. 124,473 millionar kroner. Dette inkluderer også startlån frå Husbanken som er tenkt til utlån til innbyggjarane. Pr slutten av året er det lånt ut ca. 6,5 mill. i form av startlån og sosiallån. Ubrukte lånemidlar er på kr 2,247 mill, derav kr 1,206 mill. i unytta startlånmidlar. I tillegg er det eit utlån på 28,5 mill. til Vest-Telemark kraftlag som påverkar nøkkeltal «netto lånegjeld pr. innbyggjar». Dette inneber at Kviteseid kommune pr 31.12.2017 har ei langsiktig lånegjeld (eksklusive formidlingslån) tilsvarande kr 48205 pr. innbyggjar, mens «netto lånegjeld pr. innbyggjar» er på 36320,-.

Ein kan grovt seie at den langsiktige lånegjelda til kommunesektoren kan delast inn i 2 kategoriar (sjå tabellen under). Me har ordinære lån som vert nytta til å finansiere investeringane til kommunen. Desse utgjer ca kr. 115,5 millionar kroner pr. 31.12. Den andre kategorien er startlån frå Husbanken, som etter bestemte vilkår blir lånt vidare ut til innbyggjarane. Avdrags- og renteutgiftene me betaler til Husbanken skal i prinsippet vere lik avdrag og renter som me mottar frå lånetakarane. Pensjonsplikter er plikter som Kviteseid kommune har ovanfor KLP og SPK i forhold til berekna framtidig pensjonsutbetaling. Desse pliktene er delvis dekt av pensjonsmidlar som også kjem fram i balanserekneskapet under anleggsmidlar.

| | Rekneskap 2013 | Rekneskap 2014 | Rekneskap 2015 | Rekneskap 2016 | Rekneskap 2017 |
|------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Pensjonsplikter (note nr. 2) | 269 184 | 283 588 | 296 436 | 308 047 | 324 669 |
| Andre lån | 112 206 | 109 820 | 111 546 | 109 429 | 124 473 |
| Langsiktig gjeld | 381 390 | 393 408 | 407 982 | 417 476 | 449142 |

Tabell: Samansetning av den langsiktige lånegjelda pr. 31.12.2017

Fond

Kommunane sine fond vert delt i fire hovudgrupper.


1. Disposisjonsfond som kan nyttast til alle føremål.
2. Bundne driftsfond som berre kan brukast til øyremerkte føremål på driftssida.
3. Ubundne investeringsfond som kan nyttast fritt, men berre til investeringar.
4. Bundne investeringsfond som berre kan brukast til bestemte investeringar.

Tabellen nedanfor viser utviklinga av fonda våre dei siste åra. Bete rekneskapsresultat dei siste tre åra kjem nå også til uttrykk i auka fondsmidlar og då særleg på disposisjonsfond. Den totale fondsbeholdninga auka frå 2016 til 2017, derav disposisjonsfondet med 5,25 mill. kr. Delar av disposisjonsfondet er bunde opp i tidlegare budsjettvedtak.

| | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|--------------------------|--------------|---------------|---------------|---------------|--------------|--------------|
| Disposisjonsfond | 12496 | 9 855 | 5 139 | 8 405 | 12 271 | 17523 |
| Bundne driftsfond | 7672 | 6 636 | 8 550 | 8 218 | 8 984 | 9846 |
| Ubundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bundne investeringsfond | 120 | 164 | 138 | 105 | 442 | 824 |
| Sum fond | 20288 | 16 655 | 13 827 | 16 728 | 21697 | 28193 |

Tabell: Utvikling av fond

Figuren under viser utvikling av fond fordelt på bundne og ubundne. Som ein merknad kan ein leggje til at udisponert resultat frå 2017 ikkje er med i disposisjonsfonda pr 31.12.2017.



3.6 Verksemda

| REKNESKAPSSKJEMA 1B DRIFTSREKNESKAP 2017 | | | | | |
|--|----------------|------------------------|--------------------------|----------------|------------------------------|
| Fordeling av driftsutgifter (1 000 kr) | Rekneskap 2017 | Revidert budsjett 2017 | Opphavelig budsjett 2017 | Rekneskap 2016 | Avvik rekneskap mot budsjett |
| Fordeling av driftsutgifter frå 1A | -158 337 | -156 149 | -157 554 | -152 522 | |
| Motpost avskrivningar | -9 208 | -9 208 | -8 793 | -8 903 | 0 |
| Politisk verksemd: | | | | | |
| Netto ramme | 2 674 | 2 714 | 3 408 | 2 703 | -40 |
| <u>Rådmannen: (Budsjettansvarleg Øystein Tveit)</u> | | | | | |
| Netto ramme | 5 769 | 6 096 | 9 459 | 4 229 | -328 |
| <u>Fellestene: (Budsjettansvarleg Lothar Edel)</u> | | | | | |
| Netto ramme | 10 061 | 8 506 | 6 614 | 9 025 | 1 555 |
| <u>NAV: (Budsjettansvarleg Bjørn Johansson)</u> | | | | | |
| Netto ramme | 3 699 | 3 714 | 3 326 | 5 487 | -15 |
| <u>Barnevern (Budsjettansvarleg Gunn Annie Hellestad)</u> | | | | | |
| Netto ramme | 5 308 | 5 211 | 4 506 | 4 888 | 97 |
| <u>Administrasjon Helse og omsorg: (Budsjettansvarleg Olav Kaasa)</u> | | | | | |
| Netto ramme | 2 385 | 2 614 | 2 653 | 1 759 | -228 |
| <u>Kviteseid omsorgssenter (KOS): (Budsjettansvarleg Une Marit Tangen)</u> | | | | | |
| Netto ramme | 19 784 | 20 259 | 21 430 | 20 640 | -475 |
| <u>Heimetenestene: (Budsjettansvarleg Elisabeth Riis)</u> | | | | | |
| Netto ramme | 15 436 | 15 395 | 16 358 | 13 680 | 41 |
| <u>Kjøkken: (Budsjettansvarleg Kristian Versto)</u> | | | | | |
| Netto ramme | 628 | 700 | 272 | 284 | -72 |
| <u>Funksjonshemma: (Budsjettansvarleg Pauline Nordbø)</u> | | | | | |
| Netto ramme | 18 183 | 18 229 | 18 311 | 16 098 | -46 |
| <u>Helse: (Budsjettansvarleg Hanne Norgaard)</u> | | | | | |
| Netto ramme | 13 186 | 13 137 | 13 501 | 12 709 | 49 |
| <u>Annan undervisning: (Budsjettansvarleg Ingunn Haugland)</u> | | | | | |
| Netto ramme | 5 282 | 4 846 | 5 395 | 4 921 | 436 |
| <u>Kviteseid skule: (Budsjettansvarleg Sigrun Kvamme)</u> | | | | | |
| Netto ramme | 20 817 | 20 920 | 19 901 | 21 098 | -103 |
| <u>Straumsnes oppvekstsenter, Vrådal: (Budsjettansvarleg Birger Skipar)</u> | | | | | |
| Netto ramme | 3 867 | 3 841 | 4 082 | 4 730 | 26 |
| <u>Kviteseid barnehage: (Budsjettansvarleg Eva Lundeberg)</u> | | | | | |
| Netto ramme | 5 727 | 5 799 | 5 633 | 5 207 | -72 |
| <u>Brunkeberg oppvekstsenter (Budsjettansvarleg Hilde Berntsen)</u> | | | | | |
| Netto ramme | 6 216 | 6 411 | 6 547 | 6 580 | -196 |
| <u>Samfunnsutvikling og teknisk drift: (Budsjettansvarleg Olav Kjetil Greivstad)</u> | | | | | |
| Netto ramme | 28 579 | 27 574 | 26 085 | 25 771 | 1 005 |
| <u>VAR: (Budsjettansvarleg Olav Kjetil Greivstad)</u> | | | | | |
| Netto ramme | -355 | -608 | -1 131 | -2 050 | 253 |
| SUM UTGIFTER I DRIFT | 249 356 | 239 144 | 236 289 | 239 507 | 10 213 |
| SUM INNTEKTER I DRIFT | -91 960 | -83 458 | -81 198 | -90 262 | -8 502 |
| SUM NETTO UTGIFTER I DRIFT | 157 396 | 155 686 | 155 090 | 149 245 | 1 710 |
| Avskrivningar | 9 208 | 9 208 | 8 793 | 8 903 | 0 |
| Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk) | 640 | 464 | 2 466 | -389 | 176 |
| Netto ramme | 167 244 | 165 358 | 166 349 | 157 759 | 1 886 |
| SEKTORFORDELTE NETTO RAMME: | | | | | |
| SEKTOROVERGRIPANDE | 27 510 | 26 241 | 27 313 | 26 333 | 1 269 |
| SEKTOR HELSE OG OMSORG | 69 602 | 70 333 | 72 524 | 65 169 | -732 |
| SEKTOR SKULE OG BARNEHAGE | 41 909 | 41 818 | 41 559 | 42 536 | 91 |
| SEKTOR SERVICE OG UTVIKLING | 28 224 | 26 966 | 24 954 | 23 721 | 1 258 |
| NETTO RAMME | 167 244 | 165 358 | 166 350 | 157 759 | 1 886 |

Sektorovergripande einingar

Politisk verksemd

Lite avvik i forhold til budsjett

Rådmannen

Mindreforbruk på kr 328`. Mesteparten pga redusert bidrag til plankontoret i Nissedal (rimelegare i drift)

Økonomi og fellesteneste

Meirforbruk på ca 1,5 mill skuldast at den budsjettmessige reduksjonen av pensjonspremie i forhold til opphavleg budsjett, blei budsjettført på eige ansvar 1913 som høyrer til fellestenesta. I rekneskapen kjem denne reduksjonen fram i form av reduserte kostnader fordelt på alle ansvar som har ein pensjonskostnad. M.a.o. ingen reelle avvik her.

Barnevern

Barnevern i Kviteseid har er eit mindre avvik på kr 97`, som er fordelt på ulike postar blant anna høgare felleskostnader

NAV

Lite avvik i forhold til budsjett

Helse og omsorg

Helseadministrasjon

Et positivt avvik på kr 228`, som skuldast blant anna ikkje budsjettert tilskot og lågare bidrag til krisesenter.

KOS

Ytterlegare innsparing på kr 475` i forhold til revidert budsjett. Året har vore prega av lågare belegg med eigne pasientar slik at vi kunne ta imot gjestepasientar frå andre kommunar. Lågt sjukefråvær medverka også til mindre bruk av vikarar.

Heimetenestene

Ingen avvik av betydning

Kjøkken

Et lite mindreforbruk som skuldast mest meirinntekter ved sal av mat.

Eining for funksjonshemma

Ingen avvik av betydning

Helse

Lite avvik i forhold til budsjett.

Skule og barnehage

Anna undervisning

Her er det et avvik på kr 436`. Kr 185` av dette skuldast auka vaksenopplæringskostnader (introduksjonsprogram flyktningar, som er delvis dekt av statstilskot. Kr 104` skuldast postering av utgifter til gjesteelevar som skulle vore postert på Kviteseid skule. Resten av avviket er grunna i høgare utgifter til logoped enn budsjettert.

Kviteseid skule inkl. SFO

Viss ein tek omsyn til feilpostering som er omtala under «anna undervisning», så er det ingen avvik her.

Straumsnes oppvekstsenter

Ingen avvik av betydning

Brunkeberg oppvekstsenter.

Eit mindreforbruk i forhold til budsjettet på kr 196` som skuldast mindre lønsutgifter (sparte vikarutgifter) både i barnehagen og SFO.

Kviteseid barnehage

Rekneskapen viser eit positivt avvik på kr 72` som skuldast inntektsføring av bundne fondsmidlar frå tidligare år.

Samfunnsutvikling og teknisk drift inkl. VAR (vatn, avløp og renovasjon)

VAR – område viser eit mindreforbruk på kr 253` i forhold til budsjett. Her viser vi også til note sjølvkostrekneskap i rekneskapet. Hovudårsaka til det positive avviket er jamt høgare gebyrinntekter enn budsjettet.

Samfunnsutvikling og teknisk drift viser også i år eit større negativt avvik på kr 1 mill. Viss ein tar høgde for at biblioteket som fram til 31.12. ligg under dette rammeområdet har eit positivt avvik på kr 140`, så er det ca kr 1,140 mill i avvik. Storparten av avviket er større vedlikehaldsutgifter på både veg (særleg strøing) og bygg (både Kviteseid barnehage og skule og omsorgssenter). Det er også eit avvik på kr 137` i Kviteseid brannvesen som skuldast høgare lønsutgifter.

3.7 Investeringar

Investeringsplanen for ulike prosjekt i 2017 var på om lag 36,36 mill. kr i revidert budsjett. Rekneskapen syner eit forbruk på snautt 34,77 mill kr.

| Prosj nr | Investeringsprosjekt 2017 | Rekneskap 2017 | rev. Budsjett 2017 | oppb. Budsjett 2017 |
|----------|---|----------------|--------------------|---------------------|
| | A UTGIFTER | | | |
| 303 | 8 omsorgsbustader | 21 340 | 23 600 | 21 000 |
| 516 | Fast dekke kommunale vegar | 0 | 0 | 1 000 |
| 578 | Omlegging Vårstaulvegen | 856 | 683 | 0 |
| 557 | Skilting kommunale vegar | 0 | 0 | 450 |
| 559 | Asfaltering Midtsundåsen | 491 | 375 | 375 |
| 570 | Kv skule opprusting | 401 | 300 | 300 |
| 571 | Ny traktor | 0 | 0 | 1 000 |
| 572 | ny kantslåtmaskin | 0 | 0 | 450 |
| 573 | IKT | 449 | 700 | 1 500 |
| 577 | Ladestasjon | 551 | 600 | 0 |
| 163 | Bidrag til investeringar Kyrkja etter inv. Plan | 430 | 430 | 300 |
| 121 | Agresso oppdatering til Milestone, inkl nye servere Vinje | 117 | 117 | 0 |
| 574 | Midtsundtoppen ombygging | 145 | 150 | 1 250 |
| 993 | Saneringsplan, Vrådal | 9 433 | 8 700 | 4 850 |
| 576 | Polymerblandingsmaskin -renseanlegg Kviteseid | 556 | 550 | 120 |
| 575 | Nytt system for varmestyring kommunale bygg | 0 | 150 | 150 |
| 568 | Ny vassledning Torsdalen-Granlivegen | 0 | 0 | 1 000 |
| 563 | Ny sjøledning Kviteseid sentrum | 0 | 0 | 1 071 |
| | SUM INVESTERINGSPLAN | 34 769 | 36 355 | 34 816 |

Tabell 8: Investeringsrekneskap pr prosjekt

3.8 Kviteseid samanlikna med resten av landet

KOSTRA-materialet er omfattande, med fleire detaljnivå. I dette avsnittet blir det presentert nokre økonomisk nøkkeltal som er nyttige for å vurdere vår verksemd samanlikna med andre kommunar. Me har vald å samanlikne oss med regionen, fylket og resten av landet utanom Oslo. Tabellen under visar ureviderte tal for 2017 (pr. 15.03.18). Linken under viser til oppdaterte kostratal:

<https://www.ssb.no/a/kostra/stt/velg.cgi?f=101412719454480>

Generelt har Kviteseid framleis eit utgiftsnivå over landsgjennomsnitt men under gjennomsnitt for regionen på dei fleste område med unntak av utgifter til barnevern og kommunehelseteneste. Når det gjeld inntektsnivå ser ein at me har høgare frie inntekter pr. innbyggjar enn landet og Telemark. Netto driftsresultat i % er lågare enn i dei tre andre gruppene. Netto lånegjeld pr. innbyggjar er betydeleg lågare enn i dei andre gruppene, men auka det siste året pga lågare innbyggjartal og høgare gjeld. I denne oversikten tok vi også med samanlikningar av netto driftsutgifter frå ulike kommunale område. Også her ligg Kviteseid gunstig i forhold til Vest-Telemark gjennomsnitt (unnateke kostnader for barnevern og kommunehelseteneste).

| | <i>Kviteseid</i> | <i>Vest-Telemark</i> | <i>Telemark</i> | <i>Landet utenom Oslo</i> |
|--|------------------|----------------------|-----------------|---------------------------|
| <i>Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter</i> | 1,6 | 2,3 | 2,7 | 3,5 |
| <i>Netto lånegjeld i kroner pr. innbyggjar</i> | 35643 | 66175 | 70242 | 61789 |
| <i>Frie inntekter i kr per innbyggjar</i> | 63988 | 65530 | 53762 | 53601 |
| <i>Arbeidskapital i % av brutto driftsinntekter</i> | 7 | 14,4 | 18,2 | 20,7 |
| <i>Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar</i> | 137757 | 174467 | 143167 | 143701 |
| <i>Netto driftsutgifter til grunnskolesektor per innbyggjar 6-15 år</i> | 132187 | 154912 | 113720 | 107954 |
| <i>Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta</i> | 5833 | 5634 | 2805 | 2645 |
| <i>Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgtjenesten</i> | 23950 | 27866 | 20586 | 17637 |
| <i>Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år</i> | 3062 | 3155 | 4683 | 3716 |
| <i>Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barnevernstenesta</i> | 12877 | 9815 | 12338 | 10283 |
| <i>Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.</i> | 7256 | 9586 | 4469 | 4389 |

Tabell: Økonomiske nøkkeltal frå KOSTRA

4 Organisasjon - medarbeidarar

Arbeidsgjevarpolitikken skal med verdiar, haldningar og verkemiddel i samhandling med dei tilsette, sørgje for utviklinga av effektive tenester av høg kvalitet for kommunen sine innbyggjarar. Dette ligg i botnen for kommunen sitt verke.

Arbeidsgjevarstrategien skal medverke til at Kviteseid kommune står fram som ein god og profesjonell arbeidsgjevar slik at vi greier å behalde viktige medarbeidarar. Arbeidstakarar som er stolte av arbeidsplassen sin, er dei viktigaste ambassadørane for å sikre framtidig rekruttering.

Alle tilsette i Kviteseid kommune har kvar dag gjort sitt beste for å gje innbyggjarane gode tenester og gode produkt.

4.1 Rapport handlingsplan 2017

Arbeidsgjevarpolitikken og lov- og avtaleverket er utgangspunktet for alt personalarbeid med HMS og IA på alle nivå i kommunen. Kommunestyret har det overordna personalansvaret.

Tabellen under viser tiltaka som vedteke i handlingsprogrammet for 2017 og status for tiltaka ved årets slutt.

| Tiltak i handlingsplan for 2017 | Resultat |
|---|---|
| <i>Gjennomføre medarbeidersamtaler med minst 50 % av fast tilsette i kvar eining</i> | <i>Gjennomført</i> |
| <i>Oppfølging av sjukemeldte i samsvar med rutine i HMS-systemet</i> | <i>Gjennomført</i> |
| <i>Oppretthalde ein tett og god dialog med dei tilsette.</i> | <i>Gjennomført</i> |
| <i>Minst 2 personalmøte pr. år pr. eining med HMS og IA som tema</i> | <i>Gjennomført</i> |
| <i>Vidareutvikle eit godt leiarskap i kommunen. Gjennomføre samlingar i leiarforum.</i> | <i>Leiarforum har hatt 3 samlingar i 2017 med tema knytt til økonomi, administrasjon og personalforvaltning</i> |
| <i>Oppfølging handlingsplan IA</i> | <i>Gjennomført</i> |
| <i>Grunnkurs i HMS for verneombod</i> | <i>Ein har gjennomført grunnopplæring i arbeidsmiljø</i> |
| <i>Grunnkurs i HMS Kurs for leiarar</i> | <i>To har gjennomført kurs</i> |
| <i>Lukke alle HMS-avvik</i> | <i>Delvis gjennomført</i> |
| <i>Vernerundar og oppfølging av avvik</i> | <i>Delvis gjennomført</i> |
| <i>Årleg helsetest – teknisk personell</i> | <i>Gjennomført</i> |

Gjennomført utanfor handlingsplanen 2017

| | |
|--|---|
| <i>Målretta helsekontroll – nattevakter og kjøken/vaskeri tilsette</i> | <i>Gjennomført av Bedriftshelsen AS</i> |
| <i>Arbeidstilsynet – arbeidsmiljølova sitt krav for å førebyggje arbeidsrelatert sjukdom og skade: Eining for funksjonshemma og i avdeling for psykisk helse</i> | <i>Pålegga oppfylt og gjennomført</i> |
| <i>Organisasjonsutviklingsprosjekt i eining for samfunnsutvikling og teknisk drift</i> | <i>Gjennomført av Bedriftshelsen AS</i> |

4.2 Tilsette

Tabellen under viser utviklinga i talet på årsverk.

Det er eit sterkt press på bemanning for å oppnå ønskt kvalitetsutvikling av tenestene.

Tabell: Stillingsoversikt 2004-2017

| Eining | 2004 | 2007 | 2011 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|------------------------------------|--------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Politisk verksemd | 1,6 | 1,6 | 1,6 | 1,6 | 1,5 | 1,5 | 1,4 |
| Rådmann | 2,65 | 2,5 | 3, | 2,8 | 2,4 | 3,2 | 4,0 |
| Fellesteneste | 5,92 | 7,12 | 6,6 | 6,95 | 6,95 | 6,6 | 6,6 |
| Barnevern | 12,3 | 12,3 | 12,3 | 14,1 | 14,1 | 14,5 | 14,1 |
| Adm. helse og omsorg | 2,85 | 1,7 | 1,6 | 1,5 | 1,5 | 1,5 | 1,0 |
| Tenestekontor | | | | | | | 2,1 |
| Kviteseid omsorg (KOS) | 26,99 | 25,7 | 31,19 | 31,55 | 32,65 | 32,22 | 32,4 |
| Heimetenestene | 19,33 | 20,39 | 21,88 | 24,34 | 23,91 | 22,4 | 24,0 |
| Kjøken | 3,74 | 3,74 | 3,74 | 3,74 | 3,74 | 3,74 | 3,74 |
| Funksjonshemma (Lundenjordet) | 13,34 | 13,37 | 20,38 | 19,72 | 19,32 | 21,48 | 21,8 |
| Helsesenter | 11,65 | 11,45 | 14,4 | 15,95 | 15,08 | 15,08 | 16,4 |
| Anna undervisning | 6,32 | 4,83 | 6,79 | 6,31 | 6,31 | 5,39 | 5,7 |
| Kviteseid skule | 33,34 | 26,03 | 29,14 | 31,78 | 31,56 | 30,94 | 29,8 |
| Straumsnes oppvekstsenter | 8,78 | 9,39 | 9,98 | 11,37 | 11,37 | 9,08 | 7,6 |
| Brunkeberg oppvekstsenter | 11,6 | 10,6 | 12,34 | 13,55 | 13,55 | 12,76 | 12,2 |
| Kviteseid barnehage | 9,36 | 8,2 | 11,05 | 11,7 | 11,6 | 11,4 | 11,4 |
| NAV | 3,0 | 2,1 | 2,6 | 2,5 | 2,5 | 2,0 | 1,4 |
| Samfunnsutvikling og teknisk drift | 25,36 | 25,77 | 26,98 | 27,85 | 27,85 | 25,73 | 24,8 |
| Lærling (omsorg) | | | | 1 | 1 | 1 | 2 |
| Sum | 200,8 | 187,62 | 215,57 | 228,31 | 226,89 | 221,06 | 222,44 |

Lærlingar

Kommunen har hatt inn to nye lærlingar, ein innan helsefag og ein lærling i barne- og ungdomsfagarbeid.

4.3 Personalpolitikk

Organisasjonsutvikling

Ved ledige stillingar, skal desse opp til politisk vurdering, med unntak av stillingar innan helse og omsorg.

Det vart tilsett frivilligkoordinator, bibliotekar og kommunalsjef for skule og barnehage.

Kompetanseutvikling

Budsjettposten for stipend er svært låg. Det har berre vore mogleg at ein tilsett pr. år kan nytte denne budsjettposten.

Ein tilsett avslutta våren 2017 ein 4-årig utdanning som barnehagelærer.

Sjå sektorområde for helse og omsorg når det gjeld statleg stønad til kompetanseutvikling i samband med Kompetanseløftet 2020.

Sjå sektorområde for skule og barnehage når det gjeld statlege stønadsordningar for vidareutdanning.

Leiarforum

Det er gjennomført 4 samlingar i leiarforum gjennom året, der og hovudtillitsvalde i dei største organisasjonane, Fagforbundet, Utdanningsforbundet og Norsk Sykepleierforbund har delteke. I tillegg har hovudverneombodet vore med. Hovudverneombodet er og leiar av Delta. Tema for desse samlingane har m.a. vore budsjett, handlingsprogram, rekneskap og leiarutvikling.

Jubilantar

Kviteseid kommune har ein stabil og god arbeidsstokk. I 2017 var det tre tilsette med 25 års fast teneste i Kviteseid kommune. Utdeling av gullklokke og blommar skjer på nyåret påfølgande år, anten på personalfest, på arbeidsstaden eller på annan måte.

4.4 HMS

AMU (arbeidsmiljøutval)

Det vart gjennomført 4 møte i utvalet, i samsvar med målsettinga.

Bedriftshelsetenesta (BHT) - Arbeidsmiljøundersøking

Det vart gjennomført målretta helsekontroll av røykdykkarar og fysisk test av Brannvesenet i Kviteseid kommunen.

Bedriftshelsetenesta hadde opplæring av leiarar og hovudtillitsvalde i kartlegging og risikovurdering.

Kommunetrim

Det vart gjennomført kommunetrim med spinning, cross-fit m.m. etter arbeidstid kvar onsdag frå januar t.o.m. april/mai og frå september t.o.m. desember. Dette tiltaket blir sett som positivt av dei tilsette.

Vernerundar

Det vart gjennomført vernerundar innanfor teknisk eining.

Sjukefråvær

Kviteseid kommune er ei IA-bedrift og vi jobbar aktivt med tilrettelegging og omplassering der det er mogleg, slik at tilsette med nedsett funksjonsevne kan bruke si restarbeidsevne i staden for å bli uføretrygda.

Vi nådde målet om å redusere sjukefråværet med 1 % med god margin. Langtidsfråværet gjekk ned med 1,51 %, medan korttidsfråværet ligg jamt. Statistikken under viser at sjukefråværet vart redusert kvart kvartal samanlikna med kvartalstala for 2016. Det er gledeleg at einingar som i tidlegare år har hatt høgt fråvær, held fram den positive trenden med å redusere langtidsfråvær. Noko av årsaken er at leiarane har stor fokus på dialog, oppfølging og bevisstgjerjing av partane sine plikter og har følgd opp desse.

Det er stor arbeidsbelastning på tilsette innan omsorgssektoren. Mange år i same jobb gjev slitasje og er med og påverkar sjukefråværet, men dei tilsette stiller lojalt opp så langt det let seg gjera.

Tabellen nedanfor viser utvikling i legemeldt sjukefråvær registrert hjå løningskontoret.

Tabell: Legemeldt sjukefråvær i den kommunale organisasjonen 2017

| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---------------|-------------|-------------|--------------|-------------|-------------|
| 1. kvartal | 5,64 | 7,69 | 11,41 | 10,1 | 6,24 |
| 2. kvartal | 4,59 | 8,97 | 10,98 | 9,29 | 4,48 |
| 3. kvartal | 5,82 | 8,4 | 7,93 | 6,73 | 7,26 |
| 4. kvartal | 6,10 | 7,1 | 8,25 | 6,9 | 8,5 |
| Totalt | 5,85 | 8,84 | 10,00 | 8,16 | 6,65 |

4.5 Likestilling

Kviteseid kommune jobbar for likestilling og mot diskriminering. Kommunen jobbar for inkludering og mangfald og har som mål at dette skal vera integrert i alle prosessar i kommunen si verksemd.

Fordelinga mellom menn og kvinner mellom sektorane er tradisjonell, med hovudvekt av kvinner både i helse- og omsorgssektoren og i skule og barnehagesektoren. I uteavdelinga innan teknisk drift er det berre menn.

Kjønnsfordelinga mellom sektorane er normal for ein kommune og heng saman med tradisjonelle val av yrke.

Fordelinga var 250 kvinner og 53 menn, om lag 80 % kvinner og 20 % menn. Blant leiarane var det 56,25 % kvinner 43,75 % menn.

Det vert jobba kontinuerleg med tiltak knytt til rekruttering av leiarar. Prinsippet er at den best kvalifiserte vert tilsett.

4.6 Intern kontroll og etikk.

Leiarane har fokus på grunnleggjande verdiar og konsekvensar av alternative handlingar.

Det gode arbeidet som går føre seg i einingane og på sektor og leiarnivå vart vidareført og sikrar ein høg etisk standard i kommunen.

5 Sektorovergripande tenester

5.1 Rapport handlingsplan

| Tiltak | Resultatindikator |
|--|------------------------------|
| Vidareutvikle gode rapporteringsrutiner internt og til politisk nivå | Gjennomført |
| Gjennomføre opplæring i økonomi og økonomisystem for einingsleiarane | Delvis gjennomført |
| Utvide og formalisere IKT samarbeidet med Tokke og Vinje kommune | Framdrift, men ikkje ferdig. |
| Følgje opp IKT-strategien for regionen med særleg vekt på skule og helse | Ikkje gjennomført |
| Fornye serverparken på IKT | Ikkje gjennomført |
| Følgje opp felles arbeid i regionen med vidareutvikling av vår web-side | Delvis gjennomført |
| Lage interne rutiner i samband med mottak av flyktningar | Nye rutiner er utarbeida |
| Busetjing av flyktningar | Gjennomført |

5.2 Rådmann og Fellestenester

Samla sett utgjer rådmanneneinga 3,2 årsverk og Fellestenestene 8,1 årsverk til saman og femnar om budsjett, rekneskap, arkiv, sentralbord, IKT, flyktning og personal skattekontoret for Nissedal og Kviteseid.

| Arkiv | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|--|-------|-------|---------|-------|---------|
| Tal på inngåande journalposter | 4 654 | 3747 | 3850 | 4100 | 4397 |
| Tal på utgåande journalposter | 2 950 | 2938 | 2695 | 2737 | 2749 |
| Tal nye saker under behandling | 1 220 | 1245 | 1748 | 2020 | 1272 |
| Tal journalposter ikkje satt ferdig uansett årstal | | 4378 | 253 | 202 | 100 |
| Tal på saker uansett status | 1 864 | 1797 | 1748 | 2767 | 2467 |
| Lønsslipp på e-post / utan | 237 | 276 | 285/120 | 300 | 316/100 |
| Skatt | | | | | |
| Forskotstrekk totalt innbetalt i % av sum krav | 99,97 | 100 | 99,98 | 99,98 | 99,98 |
| Arbeidsgjevaravgift totalt innbetalt i % av sum krav | 99,81 | 99,9 | 99,90 | 99,92 | 99,66 |
| Utskrevet forskotsskatt totalt innbetalt i % av sum krav | 98,48 | 98,14 | 99,88 | 99,46 | 98,17 |

Tabell 12: Aktivitet tal for arkiv og innkrevjingsprosent på skatt

| Utval | Møte 2016 | Politiske saker 2016 | Møte 2017 | Politiske saker 2017 |
|-------------------------|-----------|----------------------|-----------|----------------------|
| Kommunestyret | 8 | 93 | 8 | 95 |
| Formannskapet | 10 | 136 | 10 | 123 |
| Oppvekst og omsorg | 5 | 23 | 5 | 32 |
| Samf. Utv / tekn. Drift | 5 | 38 | 5 | 40 |
| Administrasjonsutval | 5 | 18 | 7 | 19 |
| Arbeidsmiljøutval | 4 | 22 | 5 | 23 |

Tabell 13: Oversyn over saker i dei ulike utvala

6 Helse og omsorg.

6.1 Sektorleing:

Samhandlingsreforma:

Kviteseid kommune har vore med i arbeidet med samhandlingsreforma i den interkommunale arbeidsgruppa i Vest-Telemark. Det har m.a. vore arbeidd med revidering av samarbeidsavtaler med sjukehus, og ny organisering av legevakt- og jordmorteneste. Konklusjonen for legevakttenesta vart at legevaktsordningane vert som før. Jordmortenesta vert organisert i ein vertskommunemodell med Vinje som vertskommune. Jordmorkakta vert framleis i Seljord.

Folkehelse:

Me hadde tilsett ein sjukepleiar i 30% stilling som folkehelsekoordinator, som på hausten vart tilsett som leiar for tenestekontoret. Hovudoppgåva var å laga ei folkehelsemelding 2012-2022 for Kviteseid kommune. Denne vart ferdig rett før årsskiftet, og vert lagt fram politisk i 2018. Folkehelsekoordinatoren hadde og hovudansvaret for utarbeiding av plan mot vald i nære relasjonar. Denne vart og ferdig rett før årsskiftet, og vert lagt fram politisk i 2018. Før årsskiftet sa folkehelsekoordinatoren opp stilling då denne var vanskeleg å kombinere med stillinga som leiar for tenestekontoret. Me jobba med ulike løysingar for folkehelsearbeidet, og resultatet vart at ein av helsesystemene tek på seg oppgåva som folkehelsekoordinator innanfor stillingsramma. Den nye folkehelsekoordinatoren vil måtte prioritere tidsbruken strengt, og me prioriterar viktige kontaktmøte med Fylkesmannen og fylkeskommunen. I tillegg vil det bli jobba med folkehelseprofilen for Kviteseid kommune.

Kompetanse:

Kviteseid kommune fekk tilskot på kr. 270.000 til kompetanseheving av tilsette i Helse og omsorg gjennom Kompetanse og innovasjonstilskotet som vert utbetalt frå Fylkesmannen. Me hadde 7 tilsette som tok vidare- og etterutdanningar, t.d. hjelpepleiarar som utdannar seg til sjukepleiarar og vernepleiarar. Me hadde ein sjukepleiar som vart ferdig med mastergrad. Det var 8 tilsette som tok Demensomsorgens ABC og me hadde eit heildagsseminar om demens for alle tilsette i PLO, mellom 70 og 80 møtte. Det å auke kompetansen til dei tilsette er ei god investering for å møte stadig nye utfordringar som kommunen får innan helse og omsorg.

Lærling:

I 2017 har me hatt 1 lærling som etter planen vart ferdig helsefagarbeidar i august 2017.

Personal:

| | | | | | |
|---------------|---------------|------------|---------------|-------------------|--------------|
| | H.ten. | KOS | Kjøken | EFF/Lunden | Helse |
| Personalmøte: | 10 | 8 | 5 | 6 | 5 |

Leiar møte: 11

Rapportering på handlingsplan for 2017:

| Tiltak | Resultatindikator | Status |
|--|---|--|
| <i>Utvikle betre overordna styring og rapporteringsrutinar på alle tenestene</i> | <i>Minst 2 aktivitetsrapportar til hovudutvalet i 2017</i> | <i>Dette er gjennomført</i> |
| <i>Vera aktivt med på samhandlingsarbeidet innan helse og omsorg i Vest-Telemark</i> | <i>Ny organisering av jordmortenesta Ny organisering av legevaktsamarbeidet</i> | <i>Jordmortenesta er no organisert med Vinje som vertskommune, og lokalisert til Seljord</i> |

| | | |
|--|---|--|
| | | <i>Det vart ikkje noko ny organisering av legevakt</i> |
| <i>Oppfølging av planstrategi: Revisjon av Smittevernplan, Plan for sosial og helseberedskap</i> | <i>Planar ferdige i løpet av året</i> | <i>Desse er ikkje påbyrja, men innarbeidde i ny planstrategi</i> |
| <i>Arbeide for at folkehelse blir eit prioritert område</i> | <i>Utarbeide plan for folkehelsearbeidet i kommunen. Tilsetje folkehelsekoordinator</i> | <i>Dette er gjennomført</i> |

Tenestekontoret

På hausten kom det på plass ny leiar i 50% stilling. Demensteamet med til saman 30% stillingsressurs vart bestemt flytt frå heimetenesta til tenestekontoret.

Tenestekontoret hadde sitt fyrste heile driftsår i fjor, og har til saman 2,1 årsverk fordelt på 3 tilsette. Kontoret held til på kommunehuset og har ope alle kvardagar frå kl. 08.00 til 15.30. Tenestekontoret skal ta imot og handsame søknadar, fatte avgjersler og einskildvedtak om tildeling av tenester som i hovudsak omfattast av helse- og omsorgstenestelova og pasient- og brukarrettigheitslova.

Tenestekontoret har og funksjonen som kommunen si koordinerande eining for habilitering og rehabilitering. Koordinerande eining skal medverke til å sikre heilskaplege og koordinerte tilbod til pasientar og brukarar med trong for tenester frå fleire fagområde, nivå og sektorar. Ansvaret omfattar alle pasient- og brukargrupper med trong for langvarige og koordinerte tenester. Koordinerande eining har eit overordna ansvar for individuelle planar og for oppnemning, opplæring og rettleiing av koordinatorane i kommunen.

Erfaringa etter oppstarten er at det tek tid å etablere eit tenestekontor. Det er mykje som skal på plass i høve til rutiner og fagsystem. Det er og utfordrande å setje seg inn i lovverk og reglar for tenester ein ikkje har sakshandsama tidlegare. Dette skjer samstundes med at drifta er i gang. I helse og omsorg blir det fatta kring 250-300 vedtak i året. No som tenestekontoret har starta opp må ein leggje til dei vedtak som tidlegare blei handsama på Nav, slik som avlastning og omsorgsløn til foreldre, støttekontakt, startlån, tilskot, bustønad, TT-kort og følgjekort.

Rapportering på handlingsplan for 2017:

| Tiltak | Resultatindikator | Status |
|---|---|---|
| <i>Starte arbeidet med å byggje opp eit kvalitetssystem</i> | <i>God kvalitetssikring av sakshandsaminga</i> | <i>Kviteseid kommune fekk ikkje på plass elektronisk system i fjor, men arbeidet er påbyrja</i> |
| <i>Vurdere behovet for eit nytt dokumentasjonssystem for arbeidet med individuelle planar/koordinatorar</i> | <i>Betre og enklare samarbeid mellom fagområda. Auka brukarmedverknad</i> | <i>Dette har me bestemd oss for å ikkje gå vidare med</i> |
| <i>Arbeide for auka kompetanse innan sakshandsaming i tenestekontoret og</i> | <i>Betre sakshandsaming og vedtak for den einskilde</i> | <i>I tillegg til ymse kurs, starta to tilsette på</i> |

| | | |
|---|---|--|
| <i>koordinerende eining</i> | <i>søklar. Betre tverrfagleg samarbeid kring personar med langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester</i> | <i>Helserett</i> |
| <i>Undervise einingane i helse- og omsorg i IPLOS-rapportering</i> | <i>Betre sakshandsaming og betre rapportering til sentrale styringsmakter</i> | <i>Dette er ein del av ordinær rapportering</i> |
| <i>Starte arbeidet med kriterier for tildeling av tenester</i> | <i>Likebehandling av søklarane av tenester</i> | <i>Dette arbeidet er starta opp og godt i gang</i> |
| <i>Starte arbeidet med kompetanseheving og rettleiing av koordinatorane</i> | <i>God koordinering av tenestene til den einskilde brukar</i> | <i>Dette kom me ikkje i gang med, men vert starta opp i 2018</i> |

6.2 Kviteseid omsorgssenter(KOS)

KOS hadde ein del ledige rom i fjor frå våren til seinhausten, opp mot 10-12 var ledige i periodar. Det var 41 gjestepasientar frå andre kommunar, som var på KOS 643 døgn. Utover seinhausten vart gradvis alle rom nytta.

Det har skjedd mykje positivt på KOS i 2017.

Me har jobba mykje med arbeidsmiljøet og nærvær. Dette har gjeve resultat som me er stolte av. Me er samstundes klare over at dette er ferskvare og at me må jobbe saman for å ha ein god arbeidsplass også vidare fram.

Fokuset til dei tilsette i 2017 og 2018 vil vera; «Korleis kan me bli ein av Telemark sine beste sjukeheimar». Her har dei tilsette vore med på å setje opp delmål for kva me kan gjera for å bli betre. Me ynskjer å vera på høgde med dei beste, og me er på god veg.

I 2017 har KOS teke imot alle som vart skrivne ut frå sjukehuset. Me har samstundes ikkje leigd plassar i andre kommunar.

Me har ei tyngre pasientgruppe enn tidligare. KOS har yngre pasientar og dette medfører yngre pårørande. Etter samhandlingsreforma krevst det meir kunnskap blant personalet, hyppigare oppdateringar i forhold til prosedyrer osb, og meir komplisert utstyr som dei tilsette skal handtere.

Me har eit godt samarbeid med heimetenesta og legekantoret. Dette kjennes trygt både for pasientar, pårørande og tilsette.

Rapportering på handlingsplan for 2017:

| Tiltak | Resultatindikator | Status |
|---|--|--|
| <i>Ha to korttidsplassar som m.a skal brukast til:</i> <ul style="list-style-type: none">• <i>Avlastning for pårørende med store omsorgsoppgaver, eller til opptrening etter t.d lårhalsbrot</i>• <i>Vurderingsopphald og til evt regulering av medikament og smerteevaluering</i> | <i>Pårørende med store omsorgsoppgaver skal få avlastning. Pasientar som treng vurderingsopphald skal få det</i> | <i>Dette er fylgd opp så langt som råd</i> |
| <i>Bemanningsplan og døgnrhythmeplan</i> | <i>Betre tilpassa kompetanse til brukarane sine behov</i> | <i>Det har blitt jobba med både bemanningsplan og døgnrhythmeplan</i> |
| <i>Arbeide for meir systematisk kompetanseheving av alle tilsette, jfr Samhandlingsreforma som krev stadig meir kompetanse i kommunane</i> | <i>Høgare fagleg kvalitet på tenesta ut til brukar</i> | <i>Det blitt jobba med kompetanseheving og kursing. I tillegg er det tilsette som har teke utdanning</i> |

6.3 Heimetenestene

Heimetenestene er ei krevjande teneste med aukande press og stadig nye lovpålagte oppgåver, jf. Samhandlingsreforma.

Stadig fleire kreftpasientar ynskjer å døy heime. For å kunne gje pasientar og pårørende eit kvalitativt godt og trygt tilbod, krevjast mykje ressursar, tverrfagleg samhandling, fleksibilitet og høg kompetanse i alle ledd. Samarbeidet med palliativt team ved STHF fungerer godt.

Me har tunge psykiatriske brukarar som har vore ressurskrevjande og kravd høg kompetanse og god samhandling med både legar, sjukeheim, psykiatritenesta og sjukehus.

Heimetenestene er også under press som følgje av at talet på personar med demens er stadig aukande. Me har satsa mykje på å gje heimebuande demente, og deira pårørende eit godt og individuelt tilpassa tilbod. Midtsundtoppen dagsenter har vore i drift sidan 2014, og er i dag eit velfungerande tilbod til brukarane, samt god avlastning for pårørende. Erfaring viser at dagtilbodet kan utsetje behovet for institusjonsplass.

Demensteamet, som primært blir nytta til kartleggjing/utgreiing av diagnose i nært samarbeid med legane, vart flytta over til tenestekontoret (av praktiske årsakar då spesialsjukepleiaren i teamet også er leiar for tenestekontoret).

Tenestekontor/koordinerande eining sikrar ei betre sakshandsaming og samhandling med spesialisthelsetenesta, samt koordinerte tenester til dei som treng det. Heimetenestene skal utføre vedtaka.

Trongen for hjelpemiddel/velferdsteknologi er stadig aukande og er eit viktig supplement. Både hjelpemiddelkoordinator og vaktmeister har hektiske dagar på liten stillingsressurs (sjå tabell). Utplasserte hjelpemiddel er ofte ein føresetnad for at fleire av pasientane kan koma heim frå sjukehus og evt. korttidsopphald på sjukeheimen.

Tverrfagleg og strukturert legemiddelgjennomgang vart gjennomført for alle brukarane. Målet med å starte opp med multidose vart utsett til 2018/19 grunna ressursmangel.

IT systemet er ei utfordring som i verste fall kan gå utover pasienttryggleiken. Det må skje ei «oppdatering» slik at tenesta kan nytte mobil Profil (fagsystem) i kommunikasjonen med sjukehuset gjennom heile døgnet, samt sikre betre dokumentasjon for den enkelte brukar og slå opp i journal ved legevisitt.

Heimetenesta bytta ut 4 av leasingbilane i 2017. Skadeprosenten på bilane har gått monaleg ned etter at me har hatt bilar med sensorar og ryggekamera. Ei bilane vart bytta ut grunna for lita rekkevidde, særleg vinterstid.

I 2017 gjekk sjukefråværet kraftig opp i heimetenesta grunna fleire langtidssjukemeldingar. Det er jobba med oppfylgning av sjukmelde, og dette vil det bli jobba endå meir med i 2018.

| | |
|--|--------|
| Tal på brukerar som mottok heimesjukepleie pr. 31.12 | 73 |
| Tal på brukerar som kun mottok praktisk bistand i heimen(heimhjelp) pr.31.12 | 23 |
| Tal på brukerar som mottok begge tenestene | 52 |
| Tal på brukerar som fekk hjelp med medikamenthandtering | 61 |
| Tal på brukerar som fekk tilkøyrd middag frå KOS av tilsette i heimetenesta. | 10 |
| Tal på brukerar som fekk tilkøyrd middag av «Eldre hjelper eldre» | 9 |
| Tal på utlevering av hjelpemiddel (vaktmeister) | 496 |
| Tal på brukerar som vart «serva» av hj.middelkoordinator:heimebesøk/utprøving heime | 289 |
| Talet på søknadar/utprøving saman med brukar på Hjelpemiddelsentralen | 119/12 |
| Tal på brukerar som vart henvist frå legane til demensteamet (karleggjing/testing/diagnoseutgreiing/oppfylgjing) | 11 |
| Tal på brukerar som fekk plass på Midtsundtoppen dagsenter | 23 |
| Tal på brukerar som fekk heimebesøk frå tilsette ved dagsenteret | 8 |
| Tal på tryggleiksalarmar | 42 |

Hovudmål og tiltak heimetenestene:

- Innbyggjarane skal få bu heime så lenge dei sjølve ynskjer det, og få eit forsvarleg og individuelt tilpassa tenestetilbod.
- Innbyggjarane skal få rett hjelp til rett tid og ei føreseieleg teneste med kvalitet og kontinuitet.

Rapportering på handlingsplan 2017:

| Tiltak | Resultatindikator | Status |
|-------------------------------------|---------------------------------------|---|
| Fleksibel bruk av personalressursen | Betre tenester og meir effektiv drift | Oppnådd god kontroll på drifta. Heimehjelpene har fått fleire nye og «enkle» pleieoppgåver og hjelper til med m.a. køyring av brukarar heim frå dagsenteret |

| | | |
|--|---|---|
| <i>Jobbe vidare med sikte på å skape betre dialog som grunnlag for trivsel og meistring</i> | <i>Redusere sjukefråværet ned mot IA planen, og jobbe for eit stabilt lågt sjukefråvær</i> | <i>Sjukefråværet var på 11,57 grunna fleire langtidssjukemeldingar. Sjukefråværet/arbeidsmiljøet er kontinuerleg i fokus</i> |
| <i>Arbeide for meir systematisk kompetanseheving av alle tilsette, jf. Samhandlingsreforma som har overført nye/kompliserte oppgåver som krev stadig meir kompetanse i kommunane</i> | <i>Høgare kvalitet på tenesta ut til brukar</i> | <i>Tilsett fagutviklingssjukepleiar som jobbar systematisk med kompetanseheving og internundervisning. Fått videokommunikasjonsutstyr som er teke i bruk i 2017</i> |
| <i>Vidareføre drift av dagtilbod for heimebuande personar med demens/kognitiv svikt</i> | <i>Gjeva eit tilbod til personar med demens, som og er ei god og nødvendig avlastning for pårørande</i> | <i>Midtsundtoppen dagsenter er i drift 3 dagar pr. veke (opptil 14 plassar). Ambulerande modell med heimebesøk 1 dag per veke. Dagsenteret fungerer svært godt etter 4 års drift.</i> |
| <i>Arbeide med bemanningsplan og døgnrytmeplan</i> | <i>Betre tilpassa kompetanse til brukarane sitt behov</i> | <i>Vert gjort i 2018 grunna ressursmangel</i> |

6.4 Kjøken

Det blir køyrd ut middag til heimebuande pensjonistar. Utkjøringa blir fordelt på heimetjenesta 4 dagar i veka, og ``eldre hjelper eldre`` 3 dagar i veka.

Kvar torsdag så er det ``torsdagstreffen`` i kantina på KOS, her serverar med ein to rettars middag.

Dette tilbodet blir tatt godt i mot av pensjonistane.

Kjøkenet legg stor vekt på god næringsrik og variert kost. Og med det så håpar me at brukarane får ei god matopplevning uavhengig av alder og helsetilstand.

Merking av allergener og næringsinnhald i maten held fram. Dette krev at me har faste menyar.

Vaskeriet har fått meir struktur, kjøkenpersonalet har slutta å vera inne på vaskeriet på dagtid.

Kjøkkenet tilbyr catering, det vert ikkje leigd inn ekstra personale i samband med dette.

Ved sjukdom og ferieavvikling, så vurderar einingsleiar om ein kan la vera å leige inn ekstra personal. Dette fører tidvis til ekstra arbeidsmengde på dei andre arbeidstakarane.

I mai la me om frå tri måltid til 4 måltid per dag. M.a. med lunsj kl 1200 og middagservering kl 1530. Dette har blitt godt tatt imot, og resultatet er m.a. at pasientane sov betre og at gjennomsnittsvakta på pasientane har gjenge opp.

Rapportering på handlingsplan for 2017:

| Tiltak | Resultatindikator | Status |
|--|---|---|
| <i>Gjennomgang av tidsbruk på ulike arbeidsoppgåver på eininga</i> | <i>Meir effektiv drift</i> | <i>Tilsette har fått tydelege arbeidsoppgåver</i> |
| <i>Jobbe vidare med organisering av kjøken og vaskeri. Ny arbeidsplan/bemanningsplan</i> | <i>Bruke ressursane betre og meir effektivt. Gjeva bebruarane på KOS betre service</i> | <i>Dette er gjennomført</i> |
| <i>Energisparing enøk, bevisst bruk av elektrisk utstyr</i> | <i>Nedgang i energi/ straumforbruk</i> | <i>Dette vert det jobba med kontinuerleg</i> |
| <i>Eininga tilbyr praksisplass til skuleelevar og andre som treng det</i> | <i>Eininga tek i mot personar som treng praksisplass</i> | <i>Lærekandidaten gjennomførte og besto kompetanseprøva. Han held fram i hospiteringsavtale. Me tok i mot ein flyktning i språkpraksis 2 dagar i veka</i> |
| <i>Fylgje opp avvik i kvalitetssystemet og i HMS systemet</i> | <i>Bruke avviksmeldingar i forbetningsarbeidet. Rapport over avvik skal leggjast fram i hovudutval og AMU</i> | <i>Dette er me ikkje gode nok på. Her ynskjer me eit betre system for kommunen</i> |
| <i>Dokumentere innhald av allergener i all type mat</i> | <i>Betre mattryggleik for personar med matallergi/intoleranse</i> | <i>Dette vart gjort kontinuerleg gjennom året</i> |

6.5 Eining for funksjonshemma

Viktige hendingar:

- **Kompetansebygging:**
Det planlagde arbeidet med systematisk kompetanseheving for alle tilsette i eininga ved bruk av Mitt livs ABC starta med oppstartseminar i mai 2017. Alle tilsett i eininga er delt inn i samtalegrupper.
- HAVO har etablert leiar- og fagnettverk for høgskulegruppa i fylket. Eininga har vore ein del av dette i 2017 og. Dette er svært nyttig i arbeidet med fagleg kompetanseheving.
- **Lærling:**
I 2017 tok ein lærling i helsearbeiderfaget til i eininga.
- Sjukefråveret har vore på eit akseptabelt nivå. Det å skaffe vikarar er alltid ei utfordring, særskilt ved korttidsfråver, så det har vore naudsynt med bruk av overtid for å få drifta til å gå forsvarleg.
- Til ledige stillingar/vikariat har eininga hatt god tilgang på søkjarar. Utfordringane framover ligg i å få ressursar til det lovpålagte arbeidet som er skriftleg, og som må gjerast i ubunden tid for å kvalitetssikre tenesta. Ved budsjettarbeidet for 2017 blei det vedteke å auke med 20% vernepleiarstilling. Dette har komme godt med.

Rapportering på handlingsplan for 2017:

| Tiltak | Resultatindikator | Status |
|--|---|--|
| <i>Gjeva bustad med oppfølging til utviklingshemma som har trong for det</i> | <i>Brukarane får eit tilpassa butilbod. Avlastningsbustad til dei som treng det</i> | <i>Brukarane har hatt eit tilpassa butilbod. Avlastingsbustaden har vore bruk til dei som har hatt trong for det</i> |
| <i>Tilrettelagt tilbod på dagtid med arbeid/dagsenter/skule</i> | <i>Brukarane får eit tilpassa tilbod på dagtid</i> | <i>Tilbodet er tilpassa den nye økonomiske ramma</i> |
| <i>Fylgje opp avvik i kvalitetssystemet og i HMS systemet</i> | <i>Bruke avviksmeldingar i forbetningsarbeidet. Rapport over avvik skal leggjast fram i hovudutval og AMU</i> | <i>Har ikkje kome i gang med dette. Kommunen treng eit nytt/betre system</i> |
| <i>Fylgje opp arbeidet med bemanningsplan</i> | <i>Betre tilpassa kompetanse til brukarane sine behov</i> | <i>Bemanningsplanen blir fylgd opp</i> |

6.6 Eining for helse

Helsestasjonen

Helsestasjonen fekk auka stillingsressurs med 10% frå 01.01.17. Auken blei i hovudsak nytta i skulehelsetenesta, men og til koordinatorarbeid for born/familiar. Koordinatorarbeidet har auka på i omfang, og blitt meir komplekst dei siste åra. I 2017 fekk helsestasjonen tre nye born å vera koordinator for. Det blei etablert eit tettare samarbeida med eining for funksjonshemma, noko som er særst positivt både for borna og dei føresette. Me ser viktigheten av å koma tidleg i gang med dette samarbeidet.

Det kom nye retningsliner for skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom. Her jobbast det framleis med å få lokale retningsliner på plass.

Det har vore eit auka fokus på skulehelsetenesta, spesielt ved Kviteseid skule. Det blei etablert fast, open kontortid kvar torsdag frå kl. 11-14.30 i Kviteseidhallen. Det å få eit eige kontor i hallen der elevar, føresette og lærarar til ei kvar tid kan finne oss har vore utruleg bra. I tillegg kom helsestasjonen seg på Facebook og Snapchat for å koma i kontakt med elevar og føresette. I august/september utvida me opningstida for helsestasjon for ungdom/HFU.

Hausten 2017 har vore på Kvitsund gymnas, og helsestasjonen har vore med å fylgje opp nokre krevjande elevsaker.

Helsestasjonen har eit tett og godt samarbeid med psykisk helse barn og unge. I tillegg har me eit godt og tett samarbeid med jordmor, legekantor, ppt, fysioterapi, barnevern og skulane i kommunen. På slutten av året fekk me tilbod om å delta på møte kvar månad med tenestekontoret. Dette er flott, og gjev eit betre tilbod til den einskilde brukar på sikt.

Helsestasjonen medverka i arbeidet med plan mot vald i nære relasjonar.

Jordmor

Jordmortenesta har hatt to tilsette i 81% og 19% stilling. 40% av dette er knytt til kommunalt jordmordarbeid, resterande til jordmorvakta. På grunn av sjukdom i jordmortenesta i Seljord blei den kommunale delen auka til 60% i 2017. Seljord kommune finansierte dette.

Det var 18 ny-innskrivne svangerskap i Kviteseid i 2017. Det blei gjennomført 258 konsultasjonar totalt, 100 av desse var pasientar frå Seljord. Det blei utført 12 heimebesøk.

Jordmor har og delteke i skulevaksinasjonsprogrammet saman med helsesystrene, arrangera barseltreff og vore med i utarbeiding av plan mot vald i nære relasjonar.

Det blei vedteke ny organisering av jordmortenesta i Vest-Telemark i 2017. Frå og med 01.01.18 blir tenesta organisert som ein vertskommunemodell, der Vinje kommune skal vera vertskommune. Jordmorvakta skal framleis ligge i Seljord.

Fysioterapi

Tenesta har to tilsette i full stilling. Fysioterapeutane har kontor både på Helsesenteret og på KOS. Lokala på helsesenteret fungerer ikkje optimalt. Det manglar mellom anna handvask på det eine behandlingsromet, og det er ingen ventilasjon der. Det var i 2016 ein yrkeshygieniker frå Samt på synfaring, grunna dårleg lukt, mistanke om sopp og klager på pustevanskar frå både tilsette og pasientar. Det blei påvist muggsopp i eit avstengt rom, men dette er framleis ikkje fjerna. Konklusjonen frå Samt var ei anbefaling om at fysioterapitenesta burde flytte ein etasje opp, ev. til andre lokale. Dette er ikkje mogleg fordi barnevernet disponerer dette lokalet.

Lokala på helsesenteret er heller ikkje tilrettelagt for rullestolbrukar eller pasientar med rullator/preikestol. Treningsrommet er lite, og det er ikkje plass til å ha grupper eller mykje utstyr der. Av den grunn må ein nytte lokale på KOS og i fleirbrukshallen i tillegg. Dette fører til mykje køyring og tap av pasienttid.

Fysioterapitenesta har hatt stor pågang i 2017 også. Det har vore ventetid opp til 6 månader. Kommunen har mange kronisk sjuke pasientar som treng kontinuerleg oppfølging, noko som fører til at det blir mindre ressursar til andre pasientar.

Behovet for fysioterapi er stadig aukande, og dei tilsette har ikkje kapasitet til å ta seg av alle oppgåvene. Resultatet av dette blei kutt på tilbod til innbyggjarane. Til dømes blei 4 md. kontroll, motorisk vurdering av barn i samband med skulestart og ulike treningsgrupper avslutta. I tillegg har KOS opna ei ny korttidsavdeling som krev fysioterapidekning dagleg, noko som ikkje er mogleg med så lite bemanning.

Kviteseid kommune har ikkje ergoterapeut. Det har i 2017 blitt eit betydelig større behov for ergoterapi-relaterte oppgåver, noko som framleis må dekkast av fysioterapitenesta.

Sumaren 2017 blei ein av dei tilsette 100% sjukmeld. Resultatet blei ytterlegare nedskjeringar på tilbodet, og fleire pasientar måtte til å søkje hjelp i nabokommunane, noko Kviteseid må betale for.

Legekontoret

På grunn av omsorgspermisjon og utdanningspermisjon har det i delar av året vore legevikar i to av fastlegeheimlane. Sjukefråværet på legekontoret er lågt. Det er eit godt samarbeid mellom arbeidstakarane og arbeidsmiljøet er godt.

Legane har visitt med heimesjukepleia og eining for funksjonshemma kvar veke, samt legetilsyn på KOS tre dagar i veka. I tillegg blir legane tilkalla dersom det er pasientar som har akutt trong for legetilsyn.

Det er etablert faste samarbeidsmøte med psykisk helse, helsestasjonen, fysioterapitenesta og demensteamet.

Psykisk helse

Hovudtyngda av arbeidsoppgåvene er individuell oppfølging av dei tilvisingane tenesta får. Dei kjem i hovudsak frå legekontoret, men og frå andre instansar som t.d. heimetenesta, NAV, helsestasjon og pårørende. Det vert gjeve tenester i grunnskulane og på Kvitsund gymnas i form av individuelle samtaler, familiesamtaler og undervisning.

Hausten 2017 blei prosjektet kring oppbygginga av eit døgntilbod for ein brukar avslutta. Det blei lyst ut, og tilsett fire personar i tre årsverk til å jobbe kring brukaren. Oppstart er planlagt til 1. mars 2018.

Arbeidsoppgåvene i 2017 har igjen vore i overkant av det tenesta kan klare å handtere i høve til tilgjengelege ressursar. Årsakene er særstunne saker som krev mykje oppfølging, kombinert med auka etterspurnad. Det har vore ein auke i brukarar med rus-problem, og dette er eit felt tenesta manglar kompetanse på.

Rapportering på handlingsprogram 2017

| Tiltak | Resultatindikator | Status |
|---|---|---|
| <i>Arbeide for styrking av det tverrfaglege samarbeidet innan dei ulike einingane og fagområda i helse- og omsorg</i> | <i>Betre og meir effektive tenester</i> | <i>Dette blir det jobba med kontinuerleg, og samarbeidet opplevast som svært godt</i> |
| <i>Starte arbeidet med å revidere HMS- og kvalitetssystemet på alle fagområda</i> | <i>God kvalitetssikring og trygt arbeidsmiljø</i> | <i>Arbeidet er i gang, og blir jobba med kontinuerleg</i> |
| <i>Arbeide med systematisk kompetanseheving hjå dei tilsette. Meir praktisk trening</i> | <i>Høgare fagleg kvalitet på tenestene</i> | <i>Fleire av dei tilsette har vore på relevante kurs, og det har vore arrangert kurs lokalt, det har og blitt gjennomført praktiske øvingar</i> |
| <i>Evaluere bruken av personalressursane og organiseringa av tenestene</i> | <i>Gode og effektive tenester. Rett kompetanse på rett plass</i> | <i>Arbeidet er i gang, og vil halde fram i 2018</i> |
| <i>Ha eit godt arbeidsmiljø</i> | <i>Lågt sjukefråvær relatert til jobb. Gjennomføre medarbeidersamtaler. Ha HMS i fokus i det daglege, og som eit fast tema på personalmøter</i> | <i>Dette vert det jobba med kontinuerleg. Avvik er oppe som tema på kvart personalmøte</i> |

Kviteseid samanlikna med andre innan helse og omsorg.

Tabellen under syner Kviteseid samanlikna med andre på viktige område, ved hjelp av KOSTRA-tal for 2017.

| KOMMUNEHELSE | KVITeseID | VEST-TELEMARK | TELEMARK | LANDET |
|--|-----------|---------------|----------|--------|
| Dekningsgrader | | | | |
| Legeårsverk pr. 10 000 innbyggjarar | 16,7 | 19,55 | 11,7 | 11,1 |
| Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innbyggjarar | 8,3 | 13,1 | 9,6 | 9,5 |
| Legetimar pr. veke pr. bebuar i sjukeheim | 0,36 | 0,44 | 0,52 | 0,55 |
| Fysioterapitimar pr. veke pr. bebuar i sjukeheim | 0,36 | 0,58 | 0,5 | 0,39 |

Forklaring/tolking av tala:

Dekningsgrader:

- Legetimar pr. veke pr. bebuar i sjukeheim er auka noko frå 2016 til 2017.
- Fysioterapitimar pr. veke pr. bebuar i sjukeheim er stort sett uforandra frå 2016 til 2017.

Kviteseid kommune har ligge særst lågt, og ligg framleis relativt lågt når det gjeld legetimar og fysioterapitimar pr. veke pr. bebuarar i sjukeheim. Det er tidlegare redusert eit 100% fysioterapidriftstilskot, noko som tyder ei sterk reduksjon av tenesta.

Kontinuitet og kapasitet i legetenesta og fysioterapitenesta tyder særst mykje for kvaliteten og kvantiteten på desse tenestene til bebuarar i sjukeheim.

| PLEIE OG OMSORG | KVITeseID | VEST-TELEMARK | TELEMARK | LANDET |
|---|-----------|---------------|-----------------|--------|
| Dekningsgrader | | | | |
| Mottakarar av heimetenester til heimebuande pr. 1000 innbyggjarar 0-66 år | 22 | 31 | 25 | 22 |
| Mottakarar av heimetenester til heimebuande pr. 1000 innbyggjarar 67-79 år | 73 | 109 | 73 | 68 |
| Mottakarar av heimetenester til heimebuande pr. 1000 innbyggjarar 80 år og over | 395 | 372 | 327 | 321 |
| Plassar i institusjon i prosent av innbyggjarar over 80 år | 27,2 | 23,5 | - *Ikkje tal | 17,9 |

Forklaring/tolking av tala:

Dekningsgrader:

I Kviteseid kommune er det særskild dei over 80 år som er mottakarar av heimetenester. Talet på brukarar i denne gruppa har auka med 24 frå 2016 til 2017.

Når det gjeld plassar i institusjon i prosent av innbyggjarar over 80 år er talet på sjukeheimplassar i Kviteseid noko høgare enn Vest-Telemark og vesentleg høgare enn landet.

Kviteseid har ikkje heildøgnsbemanna omsorgsbustader som mange kommunar i Vest-Telemark har. Kviteseid kommune har ei nattpatrolje i heimesjukepleia, som mange andre kommunar ikkje har.

7 Skule og barnehage

Nytilsett kommunalsjef starta opp i stillinga 01.08.2017.

Sektor for skule og barnehage består av desse einingane, med slik bemanning:

- Kviteseid skule har 191 elevar og 30,47 årsverk.
- Brunkeberg oppvekstsenter, skule har 27 elevar og 3,5 årsverk
- Straumsnes oppvekstsenter, skule har 12 elevar og 3,1 årsverk.
- Straumsnes oppvekstsenter barnehage, har 9 barn og 4,52 årsverk.
- Brunkeberg oppvekstsenter, barnehage har 27 barn og 7,93 årsverk
- Kviteseid barnehage har 49 barn og 14,4 årsverk (Inkl. ein lærling)
- Kulturskulen har 75 elevar (91 elevplassar), og 3 årsverk (fordelt på 8 tilsette)
- Barnehagane har i tillegg 1,1 årsverk i styrka tilbod til førskulebarn.

Kjelde på skule: GSI 2017 Kjelde på barnehage: BASIL 2017

Det er utfordrande å få kvalifiserte søkjarar (barnehagelærarar) til ledige stillingar som pedagogisk leiar. Som ein konsekvens av dette har både Brunkeberg oppvekstsenter, avdeling barnehage og Kviteseid barnehage ein tilsett kvar som er på midlertidig dispensasjon for å oppfylle kravet til pedagognorm.

Skulane og barnehagane har gjennomført planleggingsdagar i tråd med avtale (seks per skuleår og fem per barnehageår). Skulane og kulturskulen har faste personalmøte kvar veke. Alle barnehagane har gjennomført personalmøte i gjennomsnitt ein gong kvar månad, utanom juli. Det har vore oppvekstmøte (styrarar, rektorar, hovudtillitsvald for utdanningsforbundet og kommunalsjef) ca. ein gong i månaden, utanom juli. Kommunalsjef har hatt medråderettsmøte med hovudtillitsvald for utdanningsforbundet. Frå august har det vore møte ca. ein gong i månaden.

7.1 Status og utfordringar i skule og barnehage

Utfordringa for Kviteseid kommune er folketalsutviklinga, med m.a. synkande barnetal. I 2016 var fødselstalet på 22 barn, i 2017 var det 18.**

| Tal på barn: | 2016* | 2017 | Endring |
|-----------------------------------|-------|------|---------|
| Kviteseid barnehage | 44 | 49 | +5 |
| Straumsnes oppvekstsenter, bhg. | 12 | 9 | -3 |
| Br.berg oppvekstsenter, barnehage | 33 | 27 | -6 |

*Kjelde: Årsmelding 2016 / ** Kjelde: Helsestasjonen

Styrarane i barnehagane samarbeider om utnytting av plassar. Alle med rett til barnehageplass fekk det i 2017. Nokre av søkerane med Kviteseid som fyrste val, fekk plass i Brunkeberg. Kviteseid kommune har fortløpande opptak ved ledig kapasitet.

Kviteseid kommune har hatt få minoritetsspråkelege elevar dei siste åra, men i 2017 hadde Kviteseid barnehage sju barn med minoritetsspråkleg bakgrunn og Straumsnes oppvekstsenter (barnehage) hadde to. Dette er ei gruppe barn som har behov for ekstra merksemd og tidleg innsats med tanke på språkutvikling. Dette følgjer vi opp gjennom arbeidet med deltaking i satsinga «Språkkommune» og verktøyet «Språkløyper», ei digital plattform for kompetanseheving for personalet utvikla av lese- og skrivesenteret ved universitetet i Stavanger.

7.2 Kvalitetsarbeid i barnehage

Fokusområde for barnehagane:

- Tidleg innsats
- Sosial kompetanse
- Språkarbeid
- Ny rammeplan for barnehagen
- Overgang barnehage-skule

Tidleg innsats

I samarbeide med pedagogisk- psykologisk teneste (PPT), har barnehagane eit forum for tidleg innsats kalla FSB (Forum for systemretta arbeid i barnehagane). Dette er likt for alle kommunane i Vest-Telemark. FSB gjer til at tilsette i barnehagane tidleg kan koma inn med tiltak for barn med behov for ekstra oppfølging.

Kviteseid kommune tilbyr alle førskulebarn kartlegging med KoPS. Dette er ei kartlegging som seier noko om den språklege utviklinga, og som gjer at ein siste året i barnehagen kan sette inn målretta tiltak, dersom det er behov for det.

Frå 01.08.2017 vart det tilsett logoped i 50% stilling i Kviteseid kommune i samarbeid med Fyresdal kommune.

Kviteseid kommune fekk i 2017 tildelt midlar til symjeopplæring for 4-åringane i kommunen. Vi har eit samarbeid med Morgedal og Straand hotell om bruk av basseng. 4-åringane har fokus på å bli trygge i vatnet. Dette vil på sikt vere med å legge eit betre grunnlag for symjeopplæringa på 1.-4. trinn. Frå hausten 2017 vart det innført auka krav til dugleik i symjing for elevar på småtrinnet.

Sosial kompetanse

Alle tilsette i barnehagane hadde hausten 2017 kurs i «Grøne tankar – glade barn». Dette er eit verktøy utvikla i serien «psykologisk fyrstehjelp», som er førebyggjande tiltak for ei god psykisk helse. «Grøne tankar – glade barn», gjev barna eit verktøy for å snakke om kjensler, og aukar evna til å kommunisere om korleis dei har det.

Språkarbeid

Barnehagane i kommunen er med i satsinga «Språkkommune», som er ein nasjonal strategi for språk, lesing og skriving. Satsinga språkkommune er bygd opp av tre delar. Den eine er deltaking på nasjonale kompetanseheevande samlingar. Den andre er verktøyet «språkløyper». «Språkløyper» er digitale kurs for kompetanseheving i personalgruppa. Øktene blir gjennomført i fellesskap i personalet, og fører til konkrete endringar i dagleg praksis. Den tredje er økonomisk støtte til kommunane til å drive arbeidet. Kviteseid kommune har hausten 2017 utarbeida ein strategi for satsinga.

Ny rammeplan for barnehagen

01.08. 2017 trådde ny rammeplan for barnehagane i kraft. Rammeplanen er eit styringsdokument som blir kalla «barnehagane si grunnlov». Den er eit pedagogisk verktøy for dei som jobbar i barnehagen. Nokre grep som er tatt i ny rammeplan:

Styrka perspektiv på:

- Mangfald
- Helse
- Språkarbeid
- Overgangar
- Presiserer ansvar for å førebygge, stoppe og fylgje opp mobbing
- Auka merksemd på dei minste barna

-Tydelegare ansvar og roller

I Vest-Telemark samarbeider kommunane om kompetanseheving m.a. med tanke på implementering av ny rammeplan. Det blir arrangera styrarsamlingar og kursdagar/planleggingsdagar med ulike føredragshaldarar frå universitet- og høgskulesektoren.

Overgang barnehage- skule

Eit av områda for kompetanseheving i «Språkløyper» er overgang barnehage-skule. Pedagogisk tilsette i barnehagane og lærarar på 1.-4. trinn på alle einingane, har hausten 2017 hatt felles kompetansehevande samlingar. Arbeidet held fram i 2018, og vil munne ut ein revidert plan for overgang barnehage-skule i Kviteseid kommune.

7.3 Overgang barnehage – skule

Fokusområde for skulane:

- Sosial kompetanse
- Språkarbeid og tidleg innsats
- Realfag

Sosial kompetanse

01.08.2017 kom det lovendingar i Opplæringslova § 9a, som førte til at plan for eit trygt og godt skulemiljø i skulane i Kviteseid hadde behov for å samkjørast og oppdaterast. Gjennomgang av nytt lovverk var tema på planleggingsdag for lærarane før skulestart. Kviteseid skule har fått på plass lovpålagt ressurs som sosiallærer.

Av skulemiljøfremmande og førebyggjande tiltak kan nemnast at skulane nyttar programmet «Zippys venner» for 1.-4. klasse. Kviteseid skule nyttar i tillegg «Jentesnakk», «Gutesnakk» og « Art» i arbeidet med sosial kompetanse for elevar frå 5. trinn og oppover. Dette er bare nokre av tiltaka. Viser til plan for trygt og godt skulemiljø for oversikt over fleire tiltak.

Språkarbeid og tidleg innsats

Gode språk,- lese ,- og skriveferdigheter er vesentleg for at alle barn og unge skal oppnå sine mål og utvikle sitt potensial. I 2017 søkte Kviteseid kommune om å bli med i satsinga «Språkkommune» og kom med. I skulen førte dette mellom anna til at bruken av «språkløyper» (digital ressurs for kompetanseheving av personalet i skule og barnehage utvikla av Universitetet i Stavanger), blei tatt i bruk for lærarar på alle trinn. Tidlegare var det barnehagane og 1.-4. trinn som hadde teke det i bruk. Lærarar på 1.-4. trinn ved alle skulane har hatt nettverkssamlingar saman med barnehagelærarane for å jobbe med ein god overgang mellom barnehage og skule. Dette er ei av kompetansehevingspakkene i «språkløyper».

Realfag

Kviteseid skule deltek i Lektor2-ordninga i samarbeid med Naturfagsenteret ved UiO. Realfaglærarar på ungdomstrinnet utviklar og gjennomfører undervisningsopplegg som har elevane si læring og motivasjon i realfag som mål. Skulen samarbeider med Kviteseid betong om å utvikle undervisningsopplegg der elevane aktiviserast og utfordrast gjennom utforskande oppgåver.

Tverrfagleg samarbeid

- Samarbeid med helsestasjon, jf plan for overgangar mellom barnehage og skule.
- PPT har kontakttid på skulane og er med i TPO-team.

- Tverrfagleg nettverksamling med tema opplæring av fleirspråklege barn og unge - Skule og PPT.

Vidareutdanning av lærarar

Eit av elementa i Regjeringa si satsing «Lærarløftet» er at alle elevar innan 2025 skal møte ein lærar i norsk, matematikk og engelsk, som har fordjuping i faget. På barneskulen er det krav til 30 studiepoeng i dei tre faga, på ungdomstrinnet er det krav til 60 studiepoeng i dei tre faga. Skuleeigar har ansvar for å tilby vidareutdanning til dei lærarane som treng det for å oppfylle krava innan fristen. Det er lagt opp til gode finansieringsordningar i «Lærarløftet», likevel er det ikkje fullfinansiert. Avhengig av fag, må kommunane sjølve dekke frå 25% -40% av frikjøpet læraren har til å studere (frikjøpet er 37,5% av ei 100% stilling). I tillegg må kommunane dekke utgifter til reise, opphald og bøker.

I 2017 har vi i Kviteseid hatt:

- Vidareutdanning matematikk: 1 lærar ferdig våren 2017
- Vidareutdanning i engelsk: 2 lærarar ferdig våren 2017
- Vidareutdanning i norsk: 1 lærar deltek skuleåret 2017/2018

7.4 Profesjonsfagleg utvikling i skule og barnehage

Satsinga «Språkkommune» er ei støtte i lokalt profesjonsfagleg utviklingsarbeid. Gjennom refleksjon og delingskultur skal ein i lag utvikle kompetanse og praksis innan språk, lesing og skriving på den enkelte skule og barnehage, samt styrke kunnskapen om lokalt utviklingsarbeid i eigen organisasjon. Satsinga går føre seg internt på skulane og i barnehagen eller i nettverksgrupper på tvers av einingane. Metoden er korte, intensive økter med fagleg påfyll, og påfølgande arbeid i personalgruppene, i undervisninga eller ute på avdelingane i barnehagen. Denne metoden bygger eit profesjonsfagleg fellesskap og sikrar varig endring i og utvikling av skulane og barnehagane.

Det har vore arrangert nettverksamlingar for skuleleiarar og kommunalsjefar, i samband med satsinga «ungdomstrinn i utvikling» i regionen. Siste samling var i september 2017. Tema på samlingane har vore «Leiing av skulebasert utviklingsarbeid», og det har mellom anna vore opplæring i ein metodikk for skulevandring.

Barnehageforum i Vest-Telemark arrangerer styrarsamlingar med ulikt aktuelt fagleg innhald.

7.5 Læringsresultat

Grunnskulepoeng

Det kom fram gode resultat på statistikken over grunnskulepoeng våren 2017.


Grunnskulepoeng blir rekna ut ved at alle dei avsluttande karakterane som er førte på vitnemålet, leggjast saman og delast på talet på karakterar, slik at ein får eit gjennomsnitt. Etterpå skal ein gonge gjennomsnittet med 10.

| Indikator og nøkkeltall | Kviteseid kommune skoleeier | Kommunegruppe 02 | Telemark fylke | Nasjonalt |
|-------------------------------|-----------------------------|------------------|----------------|-----------|
| Grunnskulepoeng, gjennomsnitt | 42,4 | 41,0 | 40,6 | 41,4 |

Kviteseid kommune skoleeier, Grunnskole, Grunnskulepoeng, Offentlig, 2016–2017, Trinn 10, Begge kjønn


Skriftleg eksamen


Eksamenskarakter er den karakteren eleven får på prestasjonen til eksamen. Karakteren setjast av to eksterne sensorar. Her skal ein bruke talkarakterar på ein skala frå 1 til 6. Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget. Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget. Tabellane under syner gjennomsnittet.



Munnleg eksamen

Munnleg eksamen organiserast lokalt. I Vest-Telemark samarbeider dei seks kommunane om avviklinga. Karakteren skal setjast av to personar, ein faglærar og ein ekstern sensor. Berre ein liten del av elevgruppa blir trekt ut til eksamen i kvart fag. Ein brukar talkarakterar på ein skala frå 1 til 6. Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget. Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget. Tabellane syner gjennomsnittet.





7.6 Læringsresultat

Under ser ein utvalde område frå Elevundersøkinga 2016-17. Viser til tilstandsrapport for 2017, som blir lagt fram for politisk handsaming vårhalvåret 2018, for tal frå undersøkinga hausten 2017, drøfting og oversikt over fleire område. Nederste rekke syner Kviteseid kommune.

| Enhetstype | Eierform | Kjønn | Trinn | Læringsmiljø Elevundersøkelsen Trivsel | Læringsmiljø Elevundersøkelsen Støtte fra lærerne | Læringsmiljø Elevundersøkelsen Faglig utfordring | Læringsmiljø Elevundersøkelsen Vurdering for læring | Læringsmiljø Elevundersøkelsen Motivasjon | Læringsmiljø Elevundersøkelsen Mobbet av andre elever på skolen |
|------------|-----------|-------------|---------|--|---|--|---|---|---|
| | | | | 2016-2017 | 2016-2017 | 2016-2017 | 2016-2017 | 2016-2017 | 2016-2017 |
| Nasjonalt | Offentlig | Begge kjønn | Trinn 7 | 4,4 | 4,4 | 4,1 | 3,9 | 4,0 | 1,3 |
| Fylke | Offentlig | Begge kjønn | Trinn 7 | 4,4 | 4,5 | 4,1 | 4,0 | 4,0 | 1,3 |
| Kommune | Offentlig | Begge kjønn | Trinn 7 | 4,6 | 4,6 | 4,0 | 3,9 | 4,2 | 1,1 |

| Enhetstype | Eierform | Kjønn | Trinn | Læringsmiljø Elevundersøkelsen Trivsel | Læringsmiljø Elevundersøkelsen Støtte fra lærerne | Læringsmiljø Elevundersøkelsen Faglig utfordring | Læringsmiljø Elevundersøkelsen Vurdering for læring | Læringsmiljø Elevundersøkelsen Motivasjon | Læringsmiljø Elevundersøkelsen Mobbet av andre elever på skolen |
|------------|-----------|-------------|----------|--|---|--|---|---|---|
| | | | | 2016-2017 | 2016-2017 | 2016-2017 | 2016-2017 | 2016-2017 | 2016-2017 |
| Nasjonalt | Offentlig | Begge kjønn | Trinn 10 | 4,2 | 4,0 | 4,2 | 3,3 | 3,5 | 1,3 |
| Fylke | Offentlig | Begge kjønn | Trinn 10 | 4,2 | 4,0 | 4,2 | 3,3 | 3,5 | 1,3 |
| Kommune | Offentlig | Begge kjønn | Trinn 10 | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 3,1 | 3,4 | 1,4 |

7.7 Kulturskulen

Visjonen er at alle som ynskjer det skal få eit tilbod i kulturskulen, og per i dag har alle elevar fått eit tilbod i løpet av året dei søker. Kulturskulen sitt tilbod er innan områda musikk og dans. Innan musikk er det tilbod om piano, gitar, bass, slagverk, band, korpsinstrument, hardingfele, samt klassisk fiolin i samarbeid med Seljord kulturskule.

UKM - «Ung kultur møtast» og DKS - «Den kulturelle skulesekken» ligg under kulturskulen sitt ansvar

Nytt intro-musikk-tilbod hausten 2017 som var gratis over 8 veker (2x4 veker) hadde over 20 påmeldte. Dette syner eit behov for eit breiddeprogram.

Ein elev har i 2017 delteke på eit fordjupingsprogram innan folkemusikk felles for heile Telemark, koordinert av Bø kulturskule.

Ein ungdom frå Kviteseid fekk i 2017 Draumestipendet på 10000 kr. To ungdomar representerte Kviteseid og Telemark på UKM sin landsmønstring i Sandnes innan musikk og kunst.

Avtala mellom kommunen og Kviteseid Hornmusikk fungerer fint og korpset har stor aktivitet.

«Fargeband» - vaksne med særskilte behov, har eit tilbod i kulturskulen.

Nytt motorklubb-tilbod frå hausten 2017, som er eit samarbeid mellom kulturskulen og Kviteseid motorservice, har 9 deltakarar og er ein stor suksess.

«Sommarkulen» over 3 dagar blei våren 2017 arrangert av kulturskulen ved rektor. 32 born deltok. Dette var eit samarbeid med fleire lag og foreiningar, samt frivilljuge.

Kulturskulane i Vest-Telemark har faste rektornettverk, og ein felles fagdag i året for alle lærarane. I 2016 søkte nettverket om stimuleringsmidlar til eit utvida samarbeid med fleire fagsamlingar der leiarar og lærarar jobbar på tvers av kommunegrensar med å implementere den nye rammeplanen «Mangfald og fordjuping». Det vart løyvd 50.000,- kr frå Kulturskulerådet til dette arbeidet som vil halde fram til 2018.

Kulturskulerektor starta hausten 2017 opp på leiarutdanninga «Lederskap og omstilling i skolen» ved BI.

7.8 Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar å gje gratis undervisning i norsk og samfunnsfag til dei som i fylgje introduksjonslova har rett eller plikt på det. Kviteseid kjøper denne tenesta av Seljord kommune. Vi er svært nøgd med dette samarbeidet.

7.9 Felles handlingsplan:

| Område | Resultatindikator | Status |
|---|--|--|
| Sosial kompetanse og arbeid mot mobbing | -Barnehagane nyttar leiken som arena for barna sin sosiale utvikling. -Alle skulane nyttar programmet «Zippys venner» for 1.-4. klasse. -Kviteseid skule nyttar programmet «Jenteprat», «Guteprat» og «Art». -Tilsette i barnehage og skule får opplæring i «Innblick» -Utdanne to sosial ferdighetstrenanar (TIBIR) | -Gjennomført -Gjennomført -Gjennomført -Gjennomført -Ikkje gjennomført. Det var for få deltakarar til at kurset vart sett i gang i 2017. |
| Tidleg innsats | -Sikre at barnehagane fangar opp barn som har behov for særskilt oppfølging og tilrettelegging, uavhengig av årsak. -Alle barn i førskulealder får tilbod om kartlegging i KoPS. (Kognitiv Profil System) -Styrking av lærartettleik på 1. – 4. trinn | -Samarbeid med PPT på FSB-møte (Sjå «Kvalitetsarbeid i barnehagen») -Gjennomført -Gjennomført (nasjonal satsing) |
| Utnytte kapasiteten i barnehagane best mogleg | -Samarbeid mellom barnehagane om plass til søkjarane sikrar eit godt tilbod til brukarane. | -Samarbeid er sikra gjennom felles opptaksmøte ved hovudopptak i kommunen og tett dialog mellom barnehageleiarar gjennom året. |
| Gode utviklings- og læringsmiljø | -Gode rutine i dagleg verksemd i barnehagane -Elevundersøkinga gjev høgare | -Gjennomført, men ynskje om å jobbe vidare med dette. Resultat skuleåret 2016/2017 |

| | | |
|---|---|--|
| | score enn 3,5 (av 5) på læringskultur | 7. trinn - Læringskultur: 4,3 10. trinn - Læringskultur: 4,0 |
| Brukarmedverknad | Innan alle satsingsområda, er samarbeid mellom heim og barnehage/skule gjennomgåande tema. | -Barnehagane ynskjer å gjennomføre brukarundersøking annakvart år. Den vart gjennomført i 2016, neste er 2018. -Kviteseid skule har hatt tilsyn frå Fylkesmannen på elevmedverknad (organ for brukarmedverknad) i 2017. Tilsynet vart avslutta i januar 2018. |
| Kviteseidsskulane i utvikling | -Skulane vidarefører arbeidet med organisasjonsutvikling -Skuleleiar gjennomfører skulevandring | -Hovudsatsing i 2017 har vore «Språkkommune», fokus på språk, lesing og skriving. -Skuleleiarane i Vest- Telemark har fått opplæring i metodikk for skulevandring. Treng å jobbe vidare med å implementere dette. |
| Språk og språkutvikling. Språkløyper, utviklingsarbeid | Gjennom nasjonal satsing for språk, lesing og skriving deltek alle barnehagane og skulane i kommunen | -Gjennomført. Kviteseid kommune søkte om å bli «Språkkommune» i 2017 og fekk positivt svar på søknaden. Det er utarbeida strategiplan for satsinga. |
| Læringsutbyte | Det vert lagt vekt på fagleg utbyte og meistring for alle elevane i Kviteseidsskulane Resultat på nasjonale prøvar og grunnskulepoeng syner at elevane ligg på same nivå eller høgare enn landsgjennomsnittet. | Læringsresultat for skulane i Kviteseid blir handsama i den lovpålagde årlege tilstandsrapporten. Tilstandsrapport for 2017 vert lagt fram for politisk handsaming vårhalvåret 2018. |
| Klasseleiing og vurdering for læring i skulen | Resultat i elevundersøkinga haust 2016 syner at elevane gjev høgare score enn - 4,3 (av 5) på Felles reglar - 4,4 (av 5) på Støtte frå lærar - 3,9 (av 5) på Vurdering for læring | Resultat skuleåret 2016/2017 7. trinn - Felles reglar: 4,1 - Støtte frå lærarane: 4,6 - Vurdering for læring: 3,9 10. trinn - Felles reglar: 3,6 - Støtte frå lærarane: 4,0 - Vurdering for læring: 3,1 |
| Tilstandsrapport for skulen | Rapport er handsama i HOO innan oktober 2017. | -Tilstandsrapporten vart handsama i HOO 23.11.2017 og i Kommunestyre 14.12.2017. |
| Samarbeidet mellom grunnskule og kulturskule | Halde fram med samarbeid mellom kulturskule og grunnskule gjennom utnytting av dei faglege ressursane som finst. | -Gjennomført. |
| IKT | -Oppgradere nettverk -Auka pc-tettleik til elevane | -Nettverk er framleis ei utfordring. -Gjennomført, men det er framleis behov. Midlar til auka tal på PC'ar for elevar på mellomtrinnet vedtatt i budsjett for 2018. Strategiplan for IKT og digitalisering vil bli utarbeida i 2018. |
| System for kvalitetsvurdering av grunnskulen etter Oppl. §13-10 | System § 13-10 vert følgd opp i tråd med årshjulet | -Gjennomført, men behov for revisjon. |

8 Samfunnsutvikling og teknisk drift

Ressursbruk i 2017

Eininga hadde ein stillingsressurs i 2017 på totalt 24,8 årsverk.

Eininga har ansvar for teknisk drift inkl. reinhald på kommunale bygg, eigedomsforvaltning, vegvedlikehald, brann og interkommunalt landbrukskontor, næring, kultur og bibliotek.

8.1 Nærings- og lokalsamfunnsutvikling

Kultur

Rapport handlingsplan 2017

| <i>Tiltak</i> | <i>Resultatindikator</i> |
|---|--|
| <i>Samarbeide med eksterne aktørar om arrangement innan kultur så langt ressursane strekk til.</i> | <i>Aktivitet og attraktivitet</i> |
| <i>Stimulere lag og foreiningar om å søkje om eksterne midlar.</i> | <i>Alle lag og organisasjonar har kunne nytta seg av tilskotsportalen og fått hjelp av frivilligkoordinatoren ved behov.</i> |
| <i>Handsame søknader om tilskot til lokale kulturtiltak og fleire prosjekt. Mangfaldig kulturliv.</i> | <i>Framleis mange søknader om kulturmidlar</i> |
| <i>Saman med lag og organisasjonar gje dei eldre i kommunen gode kulturelle tilbod.</i> | <i>Motta tilskot via Den Kulturelle Spaserstokk. Fleire aktivitetar.</i> |
| <i>Profileringstiltak for biblioteka i Vest-Telemark (eksterne midlar)</i> | <i>Profileringstiltaka er vidareført på web</i> |
| <i>Samarbeide med skulen og skulebiblioteket</i> | <i>Samarbeidstiltaka er vidareført</i> |
| <i>Oppgradere IKT på biblioteket</i> | <i>Gjennomført.</i> |
| <i>Ættesoga og gardssoga på nett</i> | <i>Ingen tiltak satt i gang.</i> |

Den kulturelle spaserstokken Telemark fylkeskommune har overteke ansvaret, og innbyggjartalet på dei over 67 år ligg til grunn for tildelinga. Kviteseid kommune søkjer og mottek årlege midlar. Mange aktivitetar for eldre har blitt stimulert.

Kviteseidhallen er populær og mykje brukt til ulike aktivitetar. Avtala med Kviteseid idrettslag om lengre opningstider på ettermiddag og kveldstid har vore eit godt tiltak som vart vidareført i 2017.

Kviteseid bygdetun. Styret har ansvar for aktivitetar på bygdetunet, og det er gjort ein god jobb i 2017.

Kulturnettverk

Vi har eit administrativt kulturnettverk med 2-3 møte pr. år. I dette nettverket er biblioteksjefen, kulturskulerektor, næringssjefen og frivilligkoordinatoren.

Biblioteket

Biblioteksjefen gjekk av med pensjon i 2017. Det er tilsett ny biblioteksjef, men i denne prosessen har ikkje biblioteket hatt fokus på utviklingsarbeid.

Kulturmidlar

Kommunen har ei viktig rolle som økonomisk bidragsytar til lag og foreiningar i tillegg til å støtte enkeltpersonar som driv kulturarbeid. Samarbeidet med lag og foreiningar i 2017 har vore bra.

Næring

Rapport handlingsplan 2017:

| Tiltak | Resultatindikator / resultat |
|---|---|
| <p>Halde fram samarbeidet med:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Telemarkskanalen Regionalpark. • Telemarksvegen – RV41 • Skien-Dalen Skipsselskap • VandreTelemark • VisitTelemark • Kanalveke • Reiselivet i kommunen | <p>Auke i besøk til regionen – Næringsssjef og ordfører deltek aktivt i dei ulike selskapa.</p> |
| <p>Arbeide vidare med:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Husstøyl – bustadprosjekt i Kviteseidbyen • Byregionprogrammet – samarbeidsprosjekt i Vest-Telemark • Nye bustadtomter • Tilrettelegging av møteplassar, turstiger | <p>Auke i folketalet – Folketalet er framleis på veg ned. Vi jobbar framleis dei andre tiltaka.</p> |
| <p>Arbeide med å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vidareutvikle Telemark Næringshage • Tilrettelegging av næringsstomter • Stimulere eksisterande og nye verksemder | <p>Auke i arbeidsplassar – Det er framleis stor aktivitet i næringshagen. Morgedal hotell opna att.</p> |
| <p>Revidere:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Rusmiddelpolitisk handlingsplan | <p>2018 – Ikkje gjennomført</p> |

- Av note i årsrekneskapen går det fram kva det er løyvd pengar til frå næringsfonda.
- Arbeidet med nærings- og samfunnsutvikling er breispektra og knytt til mange ulike små og store prosjekt. Over er nemnt nokon konkrete tiltak.

8.2 Landbrukskontoret

Rapport handlingsplan

Delmål for planperioden:

Landbruksplanen har desse hovudmåla:

- Landbruket i kommunen skal medverke til utvikling og verdiskaping samstundes som ein tek vare på miljøet og kulturlandskapet.
- Det skal fokuserast på landbruket som ein totalleverandør av naturbaserte varer og tenester.
- Landbruket skal vere medspelar i ei aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.
- Kommunen skal ha ein landbruksadministrasjon med høg kompetanse som kan vere ein aktiv støttespelar for enkeltbønder og næringsorganisasjonane.

| Tiltak | Resultatindikator - resultat |
|---|--|
| <p>Fortløpande oppdatering av og retting av feil i AR5, landbruksregister, matrikkel og jordregister og oppdatering av areal- og eigedomsregister i jaktsamanheng i samarbeid med plankontoret, Fylkesmannen og Institutt for skog og landskap.</p> | <p>Jordregister og kart oppdatert i 2017 .</p> |

| | |
|--|--|
| <i>Skogbruksplanlegging i Kviteseid oppstart i 2015 ferdig i 2017.</i> | <i>Skogbruksplanen vart levert ut før jul 2017. Tilskotet vert utbetalt fyrste kvartal 2018.</i> |
| <i>Følgje opp foryngingsplikta i skogbruket med heimel i berekraftforskrifta</i> | <i>Det vart gjennomført 15 kontrollar i 2017</i> |
| <i>Aktiv bruk av rentemidlar og nærings- og miljøtilskot. Hovudsak å finne eigna fagperson til faghjelp. Må samarbeide med Tokke og Seljord.</i> | <i>Auka skogkulturaktivitet.</i> |
| <i>Delta i EU sitt vassdirektivprosjekt saman med fylkeskommunen, nabokommunar og andre samarbeidspartnarar i vassområda våre.</i> | <i>Oppfølginga av den vedteke tiltaksplanen.</i> |
| <i>Ajourhald og oppdatering av hjorteviltregisteret Følgje opp vedteken hjorteviltplan</i> | <i>Areal- og eigarlistar oppdaterast fortløpande.</i> |
| <i>Følgje opp buplikt på landbrukseigedomar og saker som gjeld nedsett konsesjonsgrense – sikre gode rutinar for å oppdatere av registera.</i> | <i>Oppdaterte register. Årleg gjennomgang.</i> |
| <i>Følgje opp vedteken landbruksplanen for perioden 2014-2017. Oppfølging av Telemark fylkeskommune si landbruksmelding.</i> | <i>Gjennomføre tiltaksdelen i perioden</i> |

Utviklinga i næringa over tid

| TABELL MED NØKKELINDIKATORAR | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Produksjonstilskot jordbruk, husdyr (søkarar) | 38 | 38 | 38 | 36 | 36 | 35 | 35 |
| Produksjonstilskot jordbruk, areal (søkarar) | 68 | 69 | 70 | 70 | 67 | 62 | 61 |
| Miljøtiltak i jordbruket (1000 kr) (SMIL) | 410 | 321 | 614 | 506 | *200 | 190 | **322 |
| Tilskot til skogbruket (1000 kr) | 922 | 417 | 467 | 767 | 681 | 501 | 257 |
| Løyvde BU midlar (1000 kr) | 0 | 4150 | 1678 | 210 | 0 | 1100 | 720 |

*Tabell: Nøkkeltal for utviklinga av landbruket. *SMIL-ordninga blei endra i 2015. **Med tilskot til drenering.*

Avverkinga i skogbruket har stabilisert seg på kring 30.000 m³ per år dei siste 5 åra. I 2017 vart det avverka 37 000 m³, som er ei forventa auke i høve til prisutvikling og auka bemanning hjå AT-skog. Til samanlikning vart det avverka om lag 40.000 m³ på slutten av 1990-talet. Både planting etter hogst og nybygging/opprusting av skogsvegar vert utført tilfredstillande.

Arbeidet med vassområdet Midtre Telemark og Nideleva held fram. Det har vore møteverksemd og landbrukskontoret har delteke aktivt. Tiltak som vil få betydning for kommunen er utslepp frå privat kloakk, oppgradering av leidningsnettet, stoppe spreieing av uønska artar, redusere avrenninga frå landbruket og fjerning/utbetring av fiskevandringshindring. I første omgang må ein kartlegge omfanget og storleiken på problema.

Vilt

Oversikt over viltpåkøyringar, felling av skadedyr og anna felling av elg

| | 2009 | 2011 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|--------------------------------|------|------|------|------|------|------|------|
| Kollisjon med bil | 7 | 8 | 3 | 1 | 4 | 3 | 5 |
| Felt som skadedyr | | 2 | | | | | |
| Sjukdom, skader, andre årsaker | 9 | 5 | 1 | 6 | 8 | 8 | 3 |
| Sum | 16 | 15 | 4 | 7 | 12 | 12 | 8 |

Tabell: Avgang på elg utanom ordinær jakt i perioden 2009-2017

I 2017 var det totalt 6 elgar og 4 rådyr som blei påkøyr av bil. Kommunen har ansvaret for å ta seg av påkøyr og skada hjortevilt utanom ordinær jakt. I tillegg skal kommunen også vurdere og eventuelt felle hjortedyr og bever som gjer skade. Andre tiltak skal vera vurdert og prøvd før kommunen gjennomfører skadefelling. Det blei brukt til saman om lag 10 dagsverk til ettersøk av skada vilt og arbeid med fallvilt i Kviteseid kommune i 2017.

8.3 Teknisk drift og VAR

Teknisk drift leverer sentrale tenester og syter for god infrastruktur både til innbyggjarar, fritidsinnbyggjarar og eigne driftseiningar.

I januar 2017 søkte avdelinga sin snekkar eit års permisjon, og vi fikk snart inn ein vikar for denne. Då snekkaren i permisjon sa opp stillinga sin hausten 2017, vart det bestemt at denne ikkje skulle erstattast.

Sommaren 2017 hadde avdelinga to sommarvikarar i alderen 17-19 år, desse har som tidlegare år hjelpt med plenklypping og anna førefallande arbeid for uteavdelinga. Det er positivt og viktig å kunne tilby sommarjobb for ungdom frå Kviteseid. Gjennom delar av året har teknisk også i 2017 hatt personar på arbeidstrening via NAV.

Teknisk drift har framleis knappe økonomiske ressursar, og ein må diverre halde fram med streng prioritering i samband med vedlikehald av kommunale bygg og vegar.

Hausten 2016 starta ein opp bygging av nye kommunale omsorgsbustader i Midsundvegen. Dette arbeidet vart ferdigstilt i oktober 2017, og Kviteseid kommune kunne overta 8 nye leilegheiter, og dei fyrste brukarane kunne flytte inn i november.

I 2017 vart det satt ned ei gruppe for å sjå på kva ein kan gjere for å betre forholda for elevar og lærerar på Kviteseid skule. Det vart gjennomført eit forprosjekt med arkitekt, og resultat frå dette vart framlagt for kommunestyret på hausten. Det vart samrøstes vedteke å halde fram prosjektet med å modernisere Kviteseid skule.

Vidare vart det vedteke at kommunen skal bygge nye utleigebustader på Husstøyl etter eit forprosjekt. Arbeidet med å lage anbudsgrunnlaget for å realisere dette prosjektet startar vinteren 2018.

Det vart bygd ladestasjon for el-bilar i Kviteseid sentrum.

Etterslepet på vedlikehaldet av kommunale vegar har vore eit stort problem over fleire år. Det har i 2017 blitt gjort utbetringar på bl.a. Vårstaulvegen og Tveitgrendvegen. Lista over vegar som treng vidare vedlikehald er stor. Vidare såg ein på moglegheitene for privatisering av dei kommunale vegane, og eit forslag vart lagt fram for politikarane i kommunestyret i desember. Kommunestyret stemte samrøstes nei til privatisering av dei kommunale vegane.

Kommunen arbeider for å oppretthalde sikker og god vassforsyning, og ha eit funksjonelt avløps- og renovasjonssystem. Vi slit framleis med etterslep på vedlikehaldet av vass- og avløpsleidningar. I Kviteseid sentrum vart ein større vasslekkasje ved 6-kanten reparert, samt to i Høgvollvegen. Det vart og reparera ei vasslekkasje i Morgedal og ei i Vrådalen. Vidare vart det utført vedlikehald og utbetring på utløpet av bekken som renn ved Høgvollvegen og ut i Sundkilen.

I Kviteseid, Morgedal og Vrådalen har ein over tid hatt til dels store problem med overvatn på avløpsnett. Det vart utført ein stor reparasjon i Torshaugvegen i Kviteseid og i sentrum av Vrådalen. I tillegg vart det utført fleire mindre tiltak for å stoppe innlekking av overvatn.

I Vrådalen vart fyrste del av Saneringsplan Vrådalen gjennomført med ny sjøleidning for avløp frå Vrådalen skisenter over vidare til Renseanlegget.

Hausten 2017 kjøpte Kviteseid kommune ein einebustad i Oppebøenvegen 1, denne skal i fyrste omgang nyttast av flyktningar.

Kommunen sin kontakt med Vest-Telemark brannvesen skjer gjennom teknisk drift, og ansvaret for beredskapsstyrken ligg framleis lokalt. VTBV prøvar å få til gode og realistiske øvingar for røykdykkane.

Før jol sa brannmester opp stillinga si med verknad frå 01.03.2018. Det vert arbeid med å få på plass ein ny i denne stillinga.

Tabellen under viser tal og type utrykkingar for brannvesenet i Kviteseid:

| Brannutrykkingar | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|-------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Bilberging E-134 | 5 | 5 | 5 | 4 |
| Bilberging elles | 5 | 3 | 5 | 1 |
| Midtsundtoppen | 4 | 2 | 3 | 5 |
| Brann | 2 | 6 | 4 | 6 |
| Skogbrann | 0 | 3 | 5 | 4 |
| Pipebrann | 0 | 1 | 0 | 0 |
| Andre - ABA | 5 | 4 +8 | 12 | 3+6+14 |
| Kansellert | 2 | 1 | 0 | 0 |
| Totalt | 23 | 33 | 34 | 43 |

Tabell: Brannutrykkingar

Tabellen fortel oss at det lokale brannvesenet har hatt færre utrykkingar til bilulykker i 2017, både på E-134 og Rv 41. Vidare har brannvesenet hjulpet helse i 3 tilfelle og andre brannvesen 6 gonger. I 2017 har vi hatt ein auke i utrykking til brannalarmer.

| Tiltak | Resultatindikator / resultat |
|--|--|
| <i>Gjennomføre prosjekt som gjeld teknisk drift i investeringsbudsjettet for 2017. Sikre at den økonomiske ramma er stor nok og at administrasjonen og politikarane er klar over kva som er bestillinga på kvart prosjekt.</i> | <i>Bygging av omsorgsbustadene varta start opp hausten 2016. Gjennomført. Likeins vart saneringsplan Vrådalen sett i gang hausten 2016. Gjennomført.</i> |
| <i>Utarbeide eit opplegg for å marknadsføre ledige tomter på kommunen si heimeside</i> | <i>Ikkje gjennomført</i> |
| <i>Vurdere privatisering av kommunale vegar og plassar.</i> | <i>Saka vart utarbeida, og sendt vidare til politisk behandling. Kommunestyret stemte nei i saka.</i> |
| <i>Bli dyktigare på å dokumentere og vere bevisste kring</i> | <i>Vi er flinke til å skrive avvik. Vi er ikkje like</i> |

| | |
|---|--|
| <i>avvik i kvalitetssystemet og HMS-systemet</i> | <i>flinke til å dokumentere gjennomførte tiltak for å lukke avvik.</i> |
| <i>Følgje opp føresegnene for vatn og avløp</i> | <i>Gjennomført.</i> |
| <i>Delta i offentleg forskning og utviklingsprosjekt med NC-Spectrum AS innan tema sikring av kritisk infrastruktur og VA i Kviteseid kommune</i> | <i>Prosjektet er i arbeid.</i> |
| <i>Sikre god internkontroll og opplæring innan økonomi og sakshandsaming.</i> | <i>Gjennomført.</i> |

8.4 Nøkkeltal for teknisk drift

Tabellen nedanfor syner utviklinga i ein del nøkkeltal for teknisk drift. Me ser at talet på abonnentar innan VAR aukar over tid som følgje av bygging av hus og hytter.

| | 2012 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|--|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Abonnentar vatn | 1284 | 1354 | 1389 | 1408 | 1433 |
| Abonnentar avløp | 1123 | 1199 | 1232 | 1257 | 1292 |
| Abonnentar renovasjon | 2263 | 2364 | 2424 | 2454 | 2586 |
| Abonnentar feiing (tal på pipeløp) | 1325 | 1361 | 1402 | 1396 | 1471 |
| Tal på bustader for utleige | 52 | 52 | 50 | 49 | 57 |
| Brann og utrykkingsvern: Utrykkingar per 1 000 innbyggjar | 12,8 | 9,3 | 13,4 | 13,8 | 17,6 |

9. NAV

NAV Kviteseid var bemanna med 2,8 statlige stillingar der 50% av ei av stillingane blei finansiert av kommunen. Kontoret var bemanna med 1,4 kommunale stillingar. I tillegg leiar si 100% stilling, som er statleg, og delfinansiert av kommunen med 44,7%. En av de statlig tilsette gikk over i 40% permisjon den 04.03. Kontoret hadde eit relativt lågt sjukefråvær på både kommunal og statleg side. *Sosialtenesta i kommunen bruka mindre pengar per innbyggjar enn gjennomsnitt for landet og fylket, men var på nivå med resten av regionen.* På kommunal side var den største utfordringa å få færre innbyggjarar som er/blir avhengig av sosialstønad, og å få ned tidsperioden den enkelte er avhengig av denne. Me har gjennom året jobba aktivt med å holde sosialstønadmottakarar i arbeidsretta aktivitet, og kommunen har bidrege på en positiv måte.

Handlingsplan:

Mål 1: *Tilby betre service til arbeidsgjevarar/næringslivet ift rekruttering, informasjon, oppfølging av sjukemeldte m.m., og finne betre løysingar for innbyggjarar som vil ha behov for arbeidspraksis.*

| Tiltak | Resultatindikator - resultat |
|--|--|
| <i>Ha kontakt med minst 10 lokale bedrifter pr mnd. for utveksling av informasjon.</i> | <i>Tal på bedriftskontakter pr måned. Resultat synleg i statistikk. Ikkje oppnådd målet.</i> |
| <i>Raskt tilbakemelding til arbeidsgjevarar som har meldt behov for arbeidskraft.</i> | <i>Tilbakemelding seinast neste dag, om ikkje anna er avtalt. Respons på ønskje om kontakt synleg i statistikk. Oppnådd målet.</i> |
| <i>Rask tilbakemelding til arbeidsgjevarar som har spørsmål, t.d om oppfølging og tilrettelegging for sjukemeldte.</i> | <i>Tilbakemelding seinast neste dag, om ikkje anna er avtalt. Respons på ønskje om kontakt synleg i statistikk. Oppnådd målet</i> |

Mål 2: *Medverke til raske og gode avklaringar og løysingar for innbyggjarar med sjukemelding eller arbeidsavklaringspengar.*

| Tiltak | Resultatindikator - resultat |
|---|---|
| <i>Avtale møte for avklaring og opplæring av nye legar ved legekantoret</i> | <i>Ny lege skal ha hatt møte med NAV innan 2 veker etter oppstart. Delvis oppnådd målet.</i> |
| <i>Avtale faste samarbeidsmøte med personellet ved legekantoret, vår og haust.</i> | <i>Skal ha gjennomført samarbeidsmøte før utgangen av juni og utgangen av året. Oppnådd målet.</i> |
| <i>Avtala faste oppfølgingsmøte med sjukemeldarar i enkeltsaker annakvar veke.</i> | <i>Gjennomført møte på legekantoret annakvar tysdag. Ikkje oppnådd målet da tiltaket blei endra tidleg på året.</i> |
| <i>Arbeide for at spesialisthelsetenesta, spes. DPS, deltek på dialogmøte i enkeltsaker</i> | <i>DPS er representert i avklaringsmøte der psykiatri er viktig grunn til sjukemelding. Oppnådd målet.</i> |

Mål 3: *Arbeide for å gjere innbyggjarar mindre avhengig av sosialstønad, spes. ungdom.*

| Tiltak | Resultatindikator - resultat |
|--|--|
| <i>God oppfølging av brukarar som ikkje har arbeid eller går på statleg støtteordning.</i> | <i>Utbetalt sosialstønad i 2017 skal vera mindre enn nivået for same periode i 2016. Målet ikkje oppnådd</i> |
| <i>Minke tidsperioden den enkelte er avhengig av sosialstønad.</i> | <i>Jamføre kvar måned med same periode i 2016. Målet ikkje oppnådd</i> |

10. Interkommunalt samarbeid

10.1 Barnevernstenesta

Ved utgangen av året hadde vi tilsette i 13,9 stillingar. 11,1 til saksbehandling inkludert leiar og fagleiar, 1 støttefunksjon og 1,8 tiltaksarbeid. 2 stillingar er finansiert med statlege overføringer. Vi held framleis fast i å nytte 1,8 stilling til tiltaksarbeid.

Handlingsplan:

| Tiltak | Resultatmål - resultat |
|--|--|
| <i>Å bli meir treffsikre på tiltak</i> | <i>95% av undersøkingane innan 3 mnd 98 % er gjennomført innan 3 mnd 90% av barn med tiltak skal ha utarbeida plan 96% har utarbeidd plan 90% skal fylle krav til evaluering 96% fyller krav til evaluering</i> |
| <i>Barns medvirkning</i> | <i>Samtale med alle barn i undersøkingar. Samtale med alle barna vi har tiltak.</i> |
| <i>Bruke eigne tiltak og søke samarbeid med andre om lokale tiltak</i> | <i>Systematisk bruk av CosP, PMTO, PYC og foreldrerådgjevningsprogrammet. Samarbeide med kommunane om lokale tiltak som gjev effekt.</i> <i>COS-P, PYC veiledning eller foreldrerådgjevningsprogram til 12 familiar. PMTO veiledning til 10 foreldre/-par. Miljøarbeidar/veiledning blei gitt til 36 foreldre/-par Fleire kommunar gjev COS-P eller anna veiledning som lågtersketilbod.</i> |
| <i>Gjennomføre tidleg intervensjon for barn i risiko, TIBIR</i> | <i>Ein kommune trekte seg ut av samarbeidet om TIBIR. Ein kommune starta opplæring av ein foreldrerådgjevar og vart kopla på i TIBIR samarbeidet.</i> |
| <i>Å ha eit godt samarbeid med andre kommunale tenester</i> | <i>Fylgje opp samarbeid med barnehagane Vi gjennomførte eit felles møte med alle styrarane. Delta i tverrfaglege samarbeidsfora Vi deltok i ulike samarbeidsfora i alle kommunane. Dialogmøte med rektorane, helseteneste og NAV Vi gjennomførte dialogmøte med alle rektorane, helsestasjonane, psykiatritenesta og NAV. Vi deltok på samarbeidsmøte med alle tannlegane i Vest Telemark. Vi besøkte alle vaksenopplæringane i kommunane.</i> |

| | |
|-----------------------------------|---|
| <p>Å ha eit godt arbeidsmiljø</p> | <p>Å ha låg del av sjukefråvær relatert til arbeid Det er ikkje rapportert om sjukefråvær knytt til arbeidsmiljø. <i>Alle skal ha medarbeidersamtale.</i> Det blei gjennomført medarbeidersamtaler med dei fleste medarbeidarane. Resterande hadde avtale rett etter nyttår.</p> <p>Vernerunde er ikkje gjennomført. <i>HMS som fast tema på personalmøte</i> HMS er tema på personalmøte</p> |
|-----------------------------------|---|

Aktivitetsmål for Barnevernsamarbeidet målt i tal på meldingar:

| | Meldingar 2017 | Meldingar 2016 | Meldingar 2015 | Lagt bort 2017 | Lagt bort 2016 | Lagt bort 2015 | Starta US 2017 | Starta US 2016 | Sarta US 2015 |
|-----------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|---------------|
| Seljord | 16 | 33 | 38 | 2 | 4 | 4 | 14 | 29 | 34 |
| Kviteseid | 21 | 17 | 17 | 3 | 0 | 1 | 18 | 17 | 16 |
| Nissedal | 11 | 7 | 15 | 0 | 1 | 2 | 11 | 6 | 13 |
| Fyresdal | 16 | 5 | 12 | 5 | 0 | 2 | 11 | 5 | 10 |
| Tokke | 11 | 13 | 21 | 1 | 2 | 4 | 10 | 11 | 17 |
| Vinje | 23 | 27 | 23 | 4 | 4 | 2 | 19 | 23 | 21 |
| SUM | 98 | 102 | 126 | 15 | 11 | 15 | 83 | 91 | 111 |

Aktivitetsmål for Barnevernsamarbeidet:

| | Saker 2017 | Tiltak i fam. | Tiltak u fam. | § 4-12 | §4-6 | Institusjon | Institusjon foreldre/barn | Beredskapsh. |
|-----------|------------|---------------|---------------|--------|------|-------------|---------------------------|--------------|
| Seljord | 30 | 25 | 11 | 1 | 4 | 2 | 0 | 2 |
| Kviteseid | 22 | 15 | 8 | 5 | 2 | 1 | 0 | 0 |
| Nissedal | 12 | 10 | 4 | 2 | 1 | 0 | 0 | 0 |
| Fyresdal | 18 | 15 | 4 | 3 | 1 | 0 | 0 | 2 |
| Tokke | 11 | 9 | 2 | 2 | 0 | 0 | 1 | 1 |
| Vinje | 33 | 26 | 9 | 5 | 4 | 0 | 0 | 3 |
| SUM | 126 | 100 | 38 | 18 | 12 | 3 | 1 | 8 |

- Vi hadde 7 meldingar «utan grunnlag» som blei henlagt i 2017. Desse tel ikkje med i statestatikken.
- I Vest-Telemark har vi 35 tilsynsbarn. Alle har tilsynsførar. Gjennomsnittleg tilsyn pr. barn var 3,09 kravet er 4.
- BVS har 31 fosterbarn. 8 av desse er over 18 år.
- 2 barn med vedtak om § 4-12 omsorgsovertaking ventar på anke sak i tingretten.
- 2 barn vart tilbakeført til foreldra etter behandling i tingretten.
- BVS hadde 14 barn til avhør ved barnehuset etter meldingar om vold eller seksuelle overgrep.

Vi tok i mot flest meldingar frå lege, sjukehus, tannlege – 14 meldingar.

11 foreldre meldte frå sjølve, nokon av desse var i samarbeid med andre, mellom ana barnehage. Frå politiet fekk vi 11 meldingar, skule 10, helsestasjon/ skulehelseteneste 9 og 6 frå barnehage.

10.2 Samhandlingskoordinatoren i Vest-Telemark

• **Samarbeidsavtaler mellom STHF og kommunane i Telemark**

Det blir framleis arbeid mykje med delavtalene. Avtalene er vidareutvikla og revidert etter behov.

KOLS-prosjektet

blei avslutta i noverande form med eigen prosjektleiar.

Samarbeid om jordmortenester i VT

Arbeidsgruppa avslutta sitt arbeid. Det blei utarbeidd ein rapport og laga ei politisk sak. Fyresdal, Vinje, Seljord og Kviteseid går inn i eit samarbeid om jordmortenester – i tillegg til beredskap – med Vinje som vertskommune.

Øyeblikkeleg hjelp døgnplassar er etablert i Fyresdal

Fyresdal har no i avtale med Sjukehuset Telemark HF etablert egne plassar.

Samarbeid om legevakt

Arbeidet blei avslutta i 2017 med rapport til kommunane som konkluderte at det ikkje vart semje i om ein felles modell. Kommunane har handsama saka som orienteringssak.

Samarbeid om psykologstillingar

Det blei laga ei politisk sak der Fyresdal, Tokke og Vinje lyser ut ei stilling – og Nissedal, Seljord og Kviteseid lyser ut ei stilling. Utlysingstekst ved koordinatorsak.

Fagdagar innan rusfeltet

I eit samarbeid med STHF, KORUS-Borgestadklinikken og Vest-Telemark blei det hausten 2017 sett i gang fagdagar innan rusfeltet. Kommunane i Øst- og Midt-Telemark blei invitert med. Fagdagan held fram i 2017. Tilskot frå fylkesmann på kr 100 000.

Bu-einingar for alvorleg psykisk sjuke i VT

Fleire av kommunane har personar som krev store ressursar rundt busituasjon. Det er sett på ulike samarbeidsmoglegheiter, men ikkje funnet løysingar som passar alle.

Prosjekt: Samhandling og kompetanseutvikling i akuttmedisinprosjektet i Telemark

Samhandlingskoordinator har leida eit av tre samhandlingsprosjekt frå STHF som eit ledd i satsinga på akuttmedisin i Telemark.

Øyeblikkeleg hjelp døgnplassar for psykisk sjuke

Alle kommunane har no inngått avtaler med STHF om etablering av disse på eksisterande døgnplassar i kommunane.

Samarbeid innan velferdsteknologi

Starte opp samarbeid innan velferdsteknologi i Vest-Telemark. Vi er òg med i eit stort prosjekt i Telemark og Vestfold. Samhandlingskoordinator sit i styringsgruppa og i arbeidsgruppa for velferdsteknologinettverket hos fylkesmann.

Stilling som samhandlingskoordinator

Stillinga blei utlyst i november 2017. Noverande samhandlingskoordinator går av med AFP frå 1. mai 2018.

Pilot Seljord legevakt - STHF innan akuttmedisin

Piloten var initiert frå STHF og avslutta januar 2017

Ambulerande palliasjonsteam frå STHF held fram

Med lege og kreftsjukepleiar som kjem ut i kommunane etter ynskje frå kommunane

Vidareutdanning for helsefagarbeidarar i VT

I samarbeid med AOF er det sett opp vidareutdanning for helsefagarbeidarar frå VT i Seljord.

Ymse arbeid:

- Søknader om ulike midlar
- Revisjon av avtale om kjøp av plassar og tenester kommunane i mellom i VT
- Nettverksmøte mellom samhandlingskoordinatorane
- Blodprøvetaking frå kommunane og manglande postgang
- Delteke i 2 delprosjekt innan akuttmedisin frå STHF
- Konsernrevisjonen til STHF - intervju
- Bistand til etablering ØHD-plass i Fyresdal

10.3 Plankontoret

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling, byggesaksbehandling og utsleppsbehandling. Nissedal kommune er vertskommune for tenesta. Kontoret har disponert 5,55 årsverk til desse tenestene i 2017.

Overordna målsetjingar:

- Kommunen sine planverktøy skal til ei kvar tid vere oppdatert.
- Kommunen skal dekke etterspurnad av aktuell kartfesta informasjon.
- Alle plan-, oppmålings- og byggesaker skal behandlast innanfor kva lova set som maksimal frist.
- Kommunen sitt hovudmål om folketalsvekst skal aktivt understøttast ved planlegging av gode bumiljø.
- Samfunnstryggleik og beredskap skal leggest til grunn i arealplanlegginga.
- Oppfylging og kontroll av gjevne utsleppsløyve for avlaupsvatn.

| Handlingsprogram 2017– tiltak | Resultat |
|--|--|
| <i>Rullere arealdelen til kommuneplanen</i> | <i>Det er varsla planoppstart og utarbeidd planprogram. Det er utført biologisk mangfaldregistrering på to område. Mesteparten av arbeidet står likevel att.</i> |
| <i>Ferdigstille digitalt planregister</i> | <i>Dette er ferdigstilt. Planregisteret gir ei god digital innsynsløysing for publikum, men det må ajourførast jamleg.</i> |
| <i>Fullføre adresseringa av kommunen</i> | <i>Det er reist namnesak for fem nye vegpar-sellar. Desse er ennå ikkje avklara. Oppsittjarane får fortløpande tildelt adresser i samsvar med vegnamnvedtaka.</i> |
| <i>Yte god service gjennom rask og god sakshandsaming</i> | <i>Alle saker er behandla innom høvesvis 3-, 12- eller 16-vekers-fristane. Gjennomsnittleg behandlingstid for §20-3-byggesaker har vore svært kort, 5 dagar. Gjennomsnitt for oppmåling er 68 dagar.</i> |
| <i>Gjennomføre infomøte for priv. aktørar innom byggesak</i> | <i>Det er ikkje halde slikt infomøte. I staden ligg det ute gode eksempel-søknader på kommunens heimeside, noko som har synt seg å gje positiv effekt.</i> |
| <i>Gjennomføre tilsyn i byggesaker</i> | <i>Det er ikkje utført slike tilsyn i 2017.</i> |
| <i>Kontroll av utsleppsløyve</i> | <i>Det er gjennomført to slike kontrollar i 2017.</i> |

Det er gjort 67 delegerte vedtak i byggesaker og det er etablert 33 nye grunneigedomar i Kviteseid i 2017. Elles er mellombelse kartforretningar redusert ytterlegare frå 6 til 4. Dei som nå står igjen, er meir kompliserte saker der det må nøstast i mykje historikk før sakene kan avsluttast. Av detaljreguleringsplanar er det vedtatt ein ny (*F4 i B10-feltet i Vrådal skisenter*) og revidert ein eldre (*Straumen I*) i kommunen i 2017.